

I gamle fotefar



ØYER OG TRETTEHISTORIELAG 2001

I gamle fotefar

Tida 1945–1965

Redaksjon:

Lars Holmen Mary Skaug

Oddvar Stensrud



ØYER OG TRETTEHISTORIELAG

2001

Dale-Gudbrands Trykkeri a.s, Tretten.
ISBN 82-7275-117-8

Innhald

Noen ord fyrst	5
Lars Holmen: Varehandel og kafedrift.....	7
Alma Hovda Bø: Song og musikklivet	17
Idretten	
Magne Lie: Øyer Idrettslag	35
Oddvar Stensrud: Tretten Idrettslag	43
Oddvar Stensrud: Norgesmesterskapet på ski i 1951	50
Mary Skaug: Ungdomslaga i kommunen	53
Lars Holmen: Industri- og foredlingsverksemder	68
Skytterbevegelsen	
Johannes Wasrud: Dølen skytterlag	77
Lars Holmen: Øyer skytterlag	82
Bøker og hefter	85

Framsidedbildet:

Gildbusgrenda før utskiftinga, måleri frå 1914 av Kristen Holbø. Bildet er måla til jubileumsutstillinga på Frogner i 1914 etter oppdrag frå Oppland fylke. Måleriet hører til på Nistugun Gildbu.

Foto: Bjørn Hjelmstad.

Noen ord fyrst ...

Her har du eit nytt hefte av "I gamle fotefar". Som dei to førre åra har vi også i år halde oss innafor tidbolken 1945 – 65. Fleire av artiklane i år handlar om organisasjonar. Det er også ein del av lokalhistoria som det gjeld å ta vare på. Hendingar blir historie før vi veit ordet av det – det gjeld å få skrivi det ned medan vi enda har gode kjelder. Sjølv om denne delen av historia er såpass ung, er delar av ho alt gått i gløymeboka, og det er ikkje alltid så lett å rekonstruere ho. Vi har fleire gonger opplevd at møteprotokollar – dei viktigaste og sikraste kjeldene - er borte.

Enda står det att fleire emner som skulle ha vore med – t.d. fleire humanitære organisasjonar, yrkesorganisasjonar og politiske organisasjonar. Somme av desse kan bli med eit anna år, men det blir ikkje fleire hefter med stoff frå berre denne tidbolken.

Så vil vi rette ein hjertens takk til alle som har gjeve bidrag på ulike måtar: opplysningar, bilder, tekster. Og du er stadig velkomen med stoff, eller du kan tipse oss om stoff.

Helsing frå oss i redaksjonen

Lars Holmen:

Varehandel og kafedrift (1945–1965)

Den varehandel det her skal forteljast om, gjeld handelen av forbruksvarer mellom detaljist og forbrukar. Varehandelen som alle andre delar av samfunnslivet, har endra seg sterkt dei siste ti-åra. "Butikkdøden" har herja i Øyer som i alle andre kommunar. Frå mange småbutikkar i etterkrigstida, spreidde over heile kommunen, har vi nå nokre få, store, samla i tettstadene. Årsaken til denne endringa er ikkje vanskeleg sjå: i konkurransen med dei store butikk-kjedene, måtte desse småbutikkane tapa. Og med privatbil som allemannseige vart det lett å nå desse store butikkane som freista med gode tilbod.

Kafeverksemd har ein viss samanheng med varehandelen – fleire butikkar dreiv også kafe – derfor er det praktisk å ta med det her. Folk som hadde lang veg til butikken, tok gjerne ein kopp kaffe saman med kjende som var ute i same ærend. Her er det ein klår skilnad mellom Øyer og Tretten. Trass i at folketalet i dei to sokna var så å seia jamnstort den gongen, var det i Øyer aldri meir enn to kafear i drift samtidig, medan det på Tretten var seks! Artikkelforfattaren skal ikkje freiste å forklare kva dette kunne ha seg, men berre fastslå at slik var det!

Dei fleste daglegvarebutikkar – eller kolonialhandlar som det heitte i etterkrigstida - var etablerte tidleg i hundreåret, ja somme før hundreårsskiftet. Dei aller fleste var svært velassorterte landhandleri, dei reinaste mini-varehus som hadde så å seia alt ein hadde bruk for i kvardagen på landsbygda den gongen. Det var ikkje berre matvarer, men sko og kleder, metervare og garn, bytter og spann, auser og nattpotter, parafin og skråtobakk, blekk og skrivesaker, spikar og skruvar, glasruter, kitt og stiftar, leikesaker, hesteko og småreidskap av mange slag for landbruket - for å nemne i fleng. Og det dei ikkje hadde, det skaffa dei!

Dei fleste varene vart selde i laust mål og laus vekt. Kaffien kunne ein få male når ein kjøpte den, men mange kjøpte heil kaffe og

mol den sjølve ettersom den vart brukt. På den måten heldt smaken seg betre. Somme kunne kjøpe kveite-mjøl og sukker i sekkevis, for det fall litt rimelegare. Ysteri-utsala stod for det meste av mjølkesalet, men to butikkar, Hunder landhandleri og Trosvik, selde også mjølk i laust mål før det vart flaskekemjøl.

Ferdigpakka varer kom først etter at snarkjøpsbutikkane var komne – på slutten av 50-åra, men det kom ingen snarkjøpsbutikk her i kommunen før først på 60-talet. Da kom det også ferdigtappa mjølk på flasker. Mjølk i kartongar kom seinare. Kjøpmennene fekk varene frå grossistar – den gong som nå. Det var stort sett berre egg kjøpmennene kjøpte direkte frå produsent i denne tida.

Det var rasjonering på somme daglegvarer fleire år etter krigen – slik som sko og kleder, mjølvarer, sjokolade, sukker og kaffi. Kaffi- og sukker-rasjoneringa opphørte våren 1952 og det var også det siste av rasjonerte daglegvarer. Rasjoneringa skapte stort meir-arbeid for butikkfolket. Dei måtte klyppe merker av rasjoneringskorta som den einskilde forbrukar hadde, halde nøye rekneskap med desse og levere dei inn på forsyningsnemnda. For dei fekk ny forsyning i forhold til innleverte merker.

Fram til 1953 var det ikkje mindre enn fire bakeri i kommunen – kvart eitt av dei hørte til ein butikk. Dette året vart eitt nedlagt, dei andre tre vart nedlagde i 1960-åra – det siste i 1969. Ein kan undrast på at det verkeleg var marknad for så mange i ein så liten kommune.

Ettersom det kom fleire bilar på vegane, kom det også bensinpumper, oftast i samband med daglegvarebutikkar. Bensinstasjonar med drivstoff som viktigaste vare, kom fyrst etter krigen her i kommunen.

Øyer sokn. Alle butikkane og dei to kafeane låg langs riksveg 50; frå mars 1965: E - 6

Hunder landhandleri

Eigar: Severin Solbakken



Solbakken tok over ein landhandel i eit lite hus som ligg like utanfor vegen mellom dei to nedkjøringane til Hunder stasjon som nå er sletta av kartet. Omkring 1940 bygde han opp det som vart Hunder landhandleri og som ligg på same sida av vegen 30-40m sønnafor det nemnde huset – om lag 130 m nordafor Sagåa. Han dreiv landhandel der til han selde eigedomen i 1972. Eit par andre handla der til 1988 men da vart det slutt med handel der.

Sletmoen landhandleri

Eigar: Ottar Strangstad



Eigaren kjøpte landhandleriet av Thea Blix i 1930 og dreiv til fyrst i 1970-åra da det vart nedlagt. Bortsett frå litt ekstrahjelp i sommartida, var eigaren åleine om arbeidet. Bensinpumpe av merket ESSO hørte til landhandleriet.

Denne butikken låg i vegkanten på vestsida av riksveg 50 der Bergstad appartement ligg nå. Landhandleriet er flytt til Maihaugen og atterreist der, men tomte etter butikken vart borte etter vegutviding.

Bj. Wedum landhandleri

Eigar: Bjarne Wedum



Ståande på bildet: Aslaug, Tore og Bjarne Wedum. Bilde frå omlag 1961

Øyer Handelslag

Eigarar: Medlemane i laget



Øyer Handelslags første forretning fram til 1965. Huset er nå ombygd til bustadhus, Øyer ysteri som næraste nabo.

Øyer handelslag er tilslutta Norges koope-
rative landsforening og er såleis eit samvir-
kelag sjølv om det ikkje går fram av firma-
namnet. Det starta opp på nedre Haug i 1924.
Eigedomen var leigd av Aksel Haug fram
til 1937, men da kjøpte Handelslaget den.

Føremålet med handelslaget er uttrykt i §
1 i lovene for laget, og lyder slik:

Foreningens formål er handel med livs-
nødvendigheter så vel som forarbeidelse
derav i den utstrækning som til enhver tid
av et medlemsmøte bestemmes.

Landhandelen låg på Aasletta og det var be-
stefaren, Anton Wedum som starta opp med
butikken før hundreårs-skiftet og dreiv den
saman med garden og pensjonatet i fleire ti-
år. Albert Wedum brukte den nokre år, og
Bjarne Wedum tok over omkring 1945. Han
dreiv butikken saman med kona si. Dei
døydde midt på 1970-talet. Forretninga vart
da nedlagd.

Riksveg 50 gjekk den gongen på austsida
av butikken, men vegen er seinare flytt til
vestsida av huset. Dette huset høyrer nå sa-
man med garden og pensjonatet.

Det var også kafeverksemd i same byg-
ningen alt frå starten. Ein stor del av kunde-
flokket var gardbrukarar som køyrde mjøl-
ka si til Ysteriet like ved og som gjerne
kjøpte seg kaffi i det høvet saman med
kjenningar. Kafevertinna var også hushal-
dar. Ho hadde også ansvaret for reinhaldet
av butikken, og dei tilsette som budde på
hybel der, hadde kosten hos henne mot be-
taling. Og ho skulle halde rommet deira i
orden og vaske sengetyget og handklede de-
ra. I 1958 vart det slutt med kafedrifta. Da

var Ysteriet nedlagt to år før, mjølkekjøringa med hest var slutt fleire år før, og dermed vart ein stor del av kunde-grunnlaget borte.

Like frå starten var det bakeri i kjellaren på nedre Haug. I 1929 vart bakeriet bortleigd til Birger Lindstad som heldt på til 1953 da denne verksemda vart nedlagd for alltid. Han leverte bakar-varer til Nermo turisthotell, til butikkar i bygda og til bygda-folk når dei skulle ha finare bakverk, for Lindstad var også konditor.

Frå 1956 leigde Handelslaget Sigurd Solheim sin forretning på Tingberg som da vart filial. I 1960 kjøpte laget denne eigedomen og bygde ny forretning der. Denne vart teken i bruk 8. juni 1964, og den gamle Solheimsbygningen vart da riven. Forretninga på nedre Haug heldt fram som filial til nyttår 1965, men da vart den nedlagd, selt til private og ombygd til bustadhus. Med nybygget gjekk Øyer Handelslag over til snarkjøp.

I 1953 kjøpte laget sin første varebil og køyrde da faste vareruter rundt i bygda, ein praksis som vara til 1985.

Handelslaget hadde også bensinpumpe av merket Shell, men den vart nedlagd i 1960.

Det har vore fleire styrarar sidan starten. I 1945 var Jon Aasen styrar. Han heldt på til 1958 da han vart avløyst av Jo Volden som hadde stillinga eit par år. Hans Hansen vart tilset i 1960 og hadde stillinga til 1988 da han nådde pensjonsalder. Handelslaget hadde før ein tok nybygget i bruk, 5-6 fast tilsette.

Øyer Ysteri sitt utsal

Eigar: Øyer Ysteri

Utsalet låg i Ysteribygingen der Øyer Landbruksverksted nå held til. Der vart det seld mjølk og fløyte, rumme, smør og ost av ulike slag, alt saman i laust mål og laus vekt. Øyer Ysteri vart nedlagt frå 1. januar 1956 da det vart samanslege med Tretten



Tingbergplassen i 1959. Midt i bildet er Solheimsbygningen.

Ysteri og verksemda flytt dit. Men utsalet heldt fram til nyttår 1965 – med det saman-slegne Øyer-Tretten ysteri som eigar.

Bergli bensinstasjon

Eigar: Harald Lie

Lie begynte med bensinstasjon i 1948 av merket BP og hadde da to pumper. I tillegg hadde han ein diesel-tank oppå bakken. I 1959 vart det ny stasjon med alle tankane nedgravne i bakken. Da vart det også bygd eit lite butikk-lokal der det vart handla med tobakksvarer, godterier og bilrekvisita, og det var kaffesal der. Stasjonen låg på hjørnet mellom det som nå er Tingbergvegen og Prestgardsvegen. Den siste vart bygd i 1980-åra.

Sigurd Solheim

Eigar: Sigurd Solheim

Butikken låg sør på Tingbergsplassen. Solheim starta opp i 1899 og dreiv landhandel der til han i 1947-48 leigde bort forretninga til Sverre Bergheim og Johan Arnesen. I 1952 trekte Bergheim seg ut og eigaren tok over att og dreiv saman med Arnesen til 1956 da Øyer handelslag leigde forretninga. I 1960 vart eidedomen seld til Handelslaget. (Sjå: Øyer handelslag)

Mikael Bondlid

Eigar: Mikael Bondlid

Bondlid kom til Øyer ca 1947-48 og begynte landhandel i 1. etasje i huset til Kristen Aronsveen, der lensmannskontoret nå held til. I 1952 flytte han inn i nybygd forretningsgard med bustad nord på Tingbergsplassen og dreiv forretning der til han døyde i 1962. Forretninga hadde bensinpumpe av merket Esso.

Erling Brekken

Eigar: Erling Brekken.

Brekken kjøpte forretninga og bustaden et-

ter Mikael Bondlid i 1962 og dreiv butikk der til 1970 da den vart nedlagd, og eigaren gjekk over i anna yrke. Dei siste åra han dreiv, var det også godsstasjon der som han hadde ansvaret for.

Sverre Bergheim

Eigar: Sverre Bergheim

Frå 1952 heldt Bergheim fram med daglegvare-forretning i same huset som Mikael Bondlid fyrst begynte i - i Kristen Aronsveen sitt hus på Tingberg. Han heldt på til 1969 da han slutta med forretning og gjekk over i anna yrke. Han og kona var stort sett åleine om arbeidet.

Oddvin Brekke heldt fram på same staden til 1974 da butikken vart nedlagd.

Haugens pensjonat

Eigar: Olav Jensen

Pensjonatet hadde også kafe-verksemd og selskapslokal i samband med pensjonat-drift

Samfunnshus-kafeen

Eigar: Øyer Samfunnshus

Samfunnshuset vart bygd i 1958 og på same tid vart det bygd kafe i 2. høgda. Vaktmeisteren på Samfunnshuset, Marie Hagen, dreiv også kafeen.

H. S. Trosvik

Eigarar: Harald Trosvik til 1951

– så: **Johannes Trosvik**

Bestefar til siste eigaren begynte med landhandleri i Svarverstugua like nordafor Vol-len i Nordbygda omlag 1907-08. Etterkvart tok sonen Harald over, og i 1917 kjøpte familien Tingvoll som før hadde vore kommunelokale og heldt fram med handel der til 1951 da Johannes tok over. Han bygde på same tid ny forretningsgard med bustad på Oddvang og flytte dit.

Det var vegbygginga i Nordbygda på



Parti frå Nordbygda 1959. Oddvang nederst til venstre.

den tida som gjorde det naudsynleg å flytja forretninga, for nå gjekk all trafikk til og frå Nordbygda der. Såleis vart Tingvoll liggjande ulagleg til. Forretninga hadde bensinpumpe medan den var på Tingvoll.

Det var eigaren saman med familien som dreiv forretninga, men siste eigaren hadde også leigd hjelp. Johannes dreiv også med innramming av bilder og la inn glasruter. Butikken på Oddvang vart nedlagd i 1988.

Tretten austside.

Her også låg alle butikkane og kafeane langs riksveg 50

Bjørkholt Eigar: Øyer kommune

Marie og Kåre Melleberg var vaktmeistrar i Bjørkholt som var kommunehus. Der budde dei også og hadde kaffesal der til desember 1960 da dei vart tilsette som vaktmeistrar på det nyopna samfunnshuset.

Brustad Bensinstasjon

Eigar: Karsten Nordgård

Stasjonen vart bygd i 1947-48 og hadde tre pumper. Eigaren selde også bilrekvisita og var forhandlar for somme bilar og motorsager. Først på 1960-talet fekk stasjonen også kiosk der det vart seld allminnelege kioskvarear. Stasjonen vart seld til BP i 1973

Brubakken Kiosk

Eigar: Kristian Paalsrud

Denne kiosken låg utpå elvebakken der vegen nedpå Tretten-brua tok av frå riksveg 50 sørfrå. Fyrste kiosken vart bygd i 1950 og hadde ope berre i sommartida. Men ettersom turist-trafikken aukte, vart det meir handel og bruk for meir plass, så i 1953 vart det bygd ein større kiosk. Bildet er frå dette skiftet. Nå vart kiosken open heile året frå kl 11.00 til 22.00. Vegutviding i slutten av 1970-åra gjorde at kiosken måtte rivast, og det var ikkje aktuelt å begynne att nokon annan stad.

Tretten Elektro

Eigarar: Reidar Blomberg 1952-58 – så: Thor Cock 1958-61

Eigarane leigde lokal i fyrste høgda hos Odd Hansen i Kongsvegen 10. Forretninga selde panelomnar og komfyrar, vaskemaskinar og alt slags elektrisk utstyr for hushaldet. Båe eigarane dreiv også med installasjon og hadde fleire mann i arbeid.



Den midtre bygningen er Brustad bensinstasjon.

O. Hansen blomsterforretning

Eigar: Odd Hansen

Eigaren og kona hans begynte med blomsterhandel i 1961 i 1. høgda i bustaden sin i Kongsvegen 10 og heldt på med den til 1983 da den vart nedlagd.

O. Hansens kafe

Eigar: Odd Hansen

Kafeen låg i søre delen av 1. høgda i Kongsvegen 10 der eigaren budde. Den vart opna i 1951 og nedlagd i 1967. Kafeen var bortleigd dei siste åra.

Tretten Samfunnshus Kafe

Eigar: A/L Tretten samfunnshus

Samfunnshuset med kafe vart opna i desember 1960. Vaktmeisteren på Samfunnshuset dreiv også kafeen.



Brubakken Kiosk.

Tretten Samvirkelag

Eigarar: Medlemane i laget

Samvirkelaget kom i gang i januar 1917 og heitte da Tretten kooperative handelslag og var tilslutta Norges Kooperative Landsforening. Samvirkelaget på Tretten var eitt av dei fyrste i dalen – det kom på ein delt tredje plass.

Fram til 1930 leigde laget lokal i Fossbergbygningen som låg i Stav, men dette året flytte verksemda inn i eige nybygd hus på leigetomt til Tretten Ysteri der Shellstasjonen står nå. Frå same tid vart firmanamnet endra til Tretten Samvirkelag. Det var kafe i nybygget som var bortleigd, og bustad for styraren. Laget leigde også bensinstasjonen like ved.

I dei lagnadstunge aprildagane i 1940 vart den vakre bygningen lagt i oske som så mange andre hus på Tretten den våren. Ny forretningsgard på nedsida av riksveg 50 rett over for den førre, vart teken i bruk i 1942 etter at verksemda hadde halde til i Fonstadsalen på Stavsplassen sidan juni 1940. Også den nye forretningsgarden hadde kafe i andre høgda, og i 1946 vart det innreidd bakeri i kjellaren og bakar tilsett. I 1947 vart det både kjøttutsal og manufakturavdeling på Samvirkelaget.

Behovet for større plass melde seg, og i 1962 vart forretningsbygget utvida sørover med eit tilbygg i ei høgd som gav plass til manufaktur. Same året gjekk laget over til snarkjøp. Berre fem år seinare vart eit tilbygg på 745 kvm. teke i bruk. Det vart bygd vidare sørover, men det førre tilbygget vart da rive.



Laget hadde ved nyttår 1967 eit medlemstal på 459. Det var berre to styrarar i denne 20-årsbolken: John Staum som slutta i 1952 etter 30 år i stillinga. Han vart avløyst av Asgeir Fonstad som heldt på til 1985 da han vart pensjonist. Laget hadde i 1965 16 tilsette – ikkje alle i full stilling.

Tretten Ysteri sitt utsal

Eigar: Tretten Ysteri

På same måten som ysteriutsalet i Øyer, selde også dette mjølkeprodukt av ulike slag. Utsalet låg i Ysteribygningen, (sjå side 69).

Da ysteria i kommunen vart samanslegne, 1. jan 1956, vart Øyer-Tretten ysteri eigar. Utsalet vart nedlagt i 1975 da ysteriet vart samansleige med Lillehammer meieri og ysteri-verksemda opphørte.

Ysteriet sin bensinstasjon

Eigar: Tretten ysteri

Ysteriet overtok bensinstasjonen i 1940 da Samvirkelaget brann. Ut i 1960-åra vart stasjonen bortleigd til Ottar Nordølom. Stasjonen førte bensin av merket Shell.



Parti frå Stav. Bjerkes kjøttforretning og Nustad til høgre, litt av Elvestad til venstre i forgrunnen.

Elvestad

Eigar: Bjarne Elvestad

Bensinstasjonen hadde ei einaste pumpe og vart til i mellomkrigstida. Ho var i bruk til ut i 1970-åra og var som ei attåttnæring til snikkarverksemda som eigaren dreiv på same staden. Stasjonen førte bensin av merket Mobil.

H. Bjerkes kjøtt- og pølsevareforretning

Eigar: Harald Bjerke

Eigaren begynte i leigde lokal i 1933, men alt saman gjekk med i krigshandlingane i april 1940. Han heldt fram i eige, nybygd hus i 1941 på same staden og heldt på til 1969 da han selde forretninga og eigedomen. Bjerke var også slaktar og hadde slakteri på same staden. Alle kjøttvarer som vart selde i butikken, kom frå eige slakteri. Han tok også mot dyr for slakting og leverte slaktet ferdig oppdelt til eigarane. Han og kona saman med ein lærling, stod for alt arbeidet.

H. A. Nustad

Eigarar: Herman Nustad til 1951

– så: Arve og Odvar Nustad

Landhandleriet vart opna i 1912, men det brann ned i krigshandlingane i april 1940. Ny forretning vart opna hausten 1941. I til-

legg til vanleg butikkhandel, hadde firmaet også fryseboksar til utleige, kafe i same høgda som butikken, og bakeri med bakar i full stilling. Bakeriet produserte mest for eigen butikk og kafe, men hadde også leveranse til ein butikk i Øyer og til ein i Fåvang. 6-7 personar hadde sitt virke i verksemda.

E. Solheim

Eigar: Erling Solheim

Far til eigaren begynte med forretninga like før hundreårsskiftet. Eigaren tok over omkring 1940 og heldt på til i 1980-åra da han selde eigedomen. Solheim hadde også kafe i austre enden av 1. høgda og bakeri i eige hus. Utanom eigen butikk og kafe vart det levert brød til Winge turisthotell og til hotella i Gausdal. I alt 6-7 menneske hadde arbeid i verksemda.

Mikkel Wasrud

Eigar: Mikkel Wasrud

I 1928 begynte Mikkel Wasrud med landhandel på hjørnet mellom det som nå kallast Musdalsvegen og Lågenvegen. Han heldt på til i slutten av 1960-åra da butikken vart nedlagd. Det var jamnt over arbeid for to personar i butikken.



Tretten vestside Parti frå "stasjon". Solheim til høggre, Wasrudbutikken til venstre.

Jernbane-kiosken

Eigar: Narvesen Kiosk-kompani

Det var kiosk på Tretten stasjon like frå 1897. Den siste vart nedlagd og riven først i 1960-åra.

Stalsberg kafe

Eigar: Alfred Stalsberg

Borghild Stalsberg dreiv kafe i det huset som nå er Lågenvegen 4. Kafeen vart nedlagd i 1964. Mikkel Wasrud åtte huset.

Dulven. Eigarar: Erling Spidsberg til 1957 - så: Jonas Solstad

Det var landhandel på Dulven i Musdal tidleg i hundreåret, men i 1953 opna Spidsberg

på nytt landhandel der. I 1957 selde han verksemda til Solstad som heldt på til 1960. Men da vart det ikkje meir handelsverksemd der.



Parti frå Musdal 1952. Dulven nedst.

Song og musikklivet (1945–1965)

”Krigen og den elendighet den førte med seg, vanskipla mange planer. Men for det skal vi ikke gi opp”, skreiv Einar Høystad i årsmeldinga for Tretten Mannskor i 1941. Og han fortsette: ”Sangen må vi ikke miste. Dør sangen vekk, blir noe av det beste borte, livet blir grått, taurig og tungt”.

Dette trur eg var leveregelen for alle innan song og musikk. Både kor og musikkforeningar hangla og gjekk under heile okkupasjonstida sjøl om det kunne vera vanskeleg både med frammøte, øvingslokale og dirigentar. Musikkforeningane fekk øydelagt ein del kostbare instrument då krigen stod på. Likevel klarde dei å halde aktiviteten oppe til glede og motivering for alle i ei vanskeleg tid.

Korsongen

Kaare Th. Hansen skreiv i jubileumsberetningen til Tretten Mannskor i 1952:

”En særlig takk til dere veteraner som var med og rydda tufta og la grunnsteinene for koret vårt. Jeg tror jeg tør si at hele bygda er takknemlige for det dere har gjort for å skape hygge og glede rundt omkring i heimer og grender, og vært med på å løfte bygdas kultur opp på et høyere nivå.”

Arven frå mannskora er stor både i Øyer og på Tretten. Det er framleis aktive songarar i både blandakora som starta opp i mannskora, og som nok synes dei ”øydelegg” stemma si litt i eit blanda kor.

TRETTE MANNSKOR

vart stifta 1927 etter initiativ av Joar Stavslibakken, som var første dirigent, og han heldt på heilt til 1947. I lovene hadde dei ein paragraf som sa at medlemmene måtte møte til rett tid og på kvart møte. ”Den medlem som uteblir fra øvelsene 2-3 påfølgende møter uten grunn, er utmeldt av

kolet.” I 1932 vart dette skjerpa ytterlegare: Det er 5 øre til felles kasse for å koma for seint, og ti øre for å utebli frå møter. Dette vart visst vanskeleg å setja ut i livet, men ideen var god, den.

Historia viser eit aktivt kor. Dei deltok på stemner, arrangerte sjølve songarstemne i 1938, heldt konsertar, også utanbygds, og reiste på turar. Dei arva også eit nedlagt blanda kor, men kor gamalt det har vore, har eg ikkje funne ut.

Under krigen var aktiviteten noko vekslande. Det låg godtsom nede mykje av tida, men i 1943 hadde koret fleire medlemmer enn nokon gong, over 30, og dei heldt konsertar både i Valhall i Gausdal og på Tingberg, attåt på Offigstadhaugen, fulle hus alle stader.

Etter krigen

Etter krigen var dei i gang att, om enn noko haltande dei første åra. Foreningslivet kom i gang att for fullt, og det kunne vera van-

skeleg å få tak i nok folk til alle aktivitetane. Difor laut det til eit ekstraordinært årsmøte i 1946 med oppfordring om å møte opp på øvingane, men først i -48 blir det meldt om eit godt arbeidsår, og det ser ut som den vanskelegaste tida er over. Håkon Hovde var no dirigent, og dei ynskte å få han på dirigentkurs.

Bjarne Mathiesen frå Lillehammer hadde kurs for songarane, samtidig som dei hadde god hjelp i ein lærarvikar på Aurvoll, som heitte Sjøskift. "Han skauv godt på og gjorde at vi kom på stevne i Vågå", skreiv formann Hans Hagen i årsmeldinga. "Hvis det ryk åv, så byne vi berre på nytt", sa Hovde før stemnet, - og medlemmene var nervøse,

men godt gjekk det. Båe desse karane var nok eit mellomspel i mannskoret, for i -48 tok Kåre Melleberg over og dirigerte til -58 då Sverre Kleiven tok over taktstokken eit års tid. Kaare Th. Hansen tok då over og dirigerte til -65 med Kåre Melleberg som stemmeøvar og reservedirigent. Øvingane hadde dei i Bjørkholt.

Aktivitet

Det var mange faste oppdrag som koret var med på. Stemnet var sjølvsagt, likeså 17. mai og "Sangens- og musikkens dag" saman med musikkforeninga i slutten av mai. Dei song i kyrkja ved ymse høve, og etter at aldersheimen stod ferdig, song dei der og.



Tretten mannskor i 1958 1. rad frå venstre: Sigurd Bakkom, Knut Skogheim, Ivar Øvsteng, Kåre Melleberg, Torgeir Ring, Johan Bergslien, Simen Fonstad 2. rekke: Kjell Fonstad, Jørgen Stensrud, Magnus Romsås, Johan Frydenlund, Arthur Røed, Sverre Bjørnhaug, Johan Bådstø, Martinus Stein, Knut Bjørnhaug, Martin Fonstad, Erik Haugen 3. rekke: Odmund Øvergård, Leif Rindal, Toralf Fonstad, Kaare Hansen, Jul Karlstad, Fredrik Enge, Asbjørn Smedsrud, Sverre Storsveen, Odd Skåden, Gustav Formo

Dei heldt konsertar både åleine og saman med musikkforeninga og mannskoret i Øyer, både på heimstaden og i nabo-bygde- ne. I 1951 melder protokollen om basar i Eriksrud, 1100 kroner i netto. ”Vi er nu så pengesterke som vi aldri har vært før”, skreiv Kaare Th.Hansen.

Det ser ut som dei prøvde å få til ein tur kvar sommar. Reisemåla var både fjern og nær: Lærdal, Åndalsnes og Fagernes, men og fjellområder som Brennlia, Roåker og Holmsetra.

Då dei var til Åndalsnes i 1948 heldt det på å gå reint gale, for i ein av svingane i Trollstigen køyrde bussen av vegen. Han laut rygge, men før det, måtte dei skruve av støytfangaren for å koma laust att. Det var mange som valde å gå resten av svingane, fortel Johan Bådstø. På denne turen hadde dei leigd stolar på Samfunnshuset som dei sette i midtgangen på bussen for å få plass til alle (!). På ein stopp hadde dei sett desse stolane bak bussen, - og så rygga han over dei! Det var som regel ikkje lagt opp konsertprogram på desse turane, men konsert vart det lell, både på campingplassar og andre stader dei stoppa.

Jubileumsåret 1952

Koret talde no 32 medlemmer, dei hadde 13 offentlege opptredener i tillegg til øvingane. Ein god sesong. Det var stor jubileumsfest med innbedne veteranar, fest med songarbrør frå Øyer som gjester, og konsertar i Eriksrud, Gausdal og Fåvang.

I tillegg hadde dei teke på seg å arrange- re songarstemnet, noko dei grudde seg følt til. Men dagen kom og det viste seg å bli ein av dei største suksessdagane i koret si histo- rie. Koret song først *Landkjennning* av E. Grieg med assistanse av medlemmer frå musikkforeninga. Til og med musikk-kriti- kar Halvorsen i Dagingen var positiv. Det- te året tok dei turen til Sverige for å smake

på ”bitsukkeret”, og song og overnatta både i Halden og Fredrikstad.

Stemner

Å reise på stemnet var høgdepunktet i eit songarår. Førrebuingane starta tidleg, val av stemnenummer vart gjort ut frå fleire krite- rium, og interessa blant songarane hadde ein tendens til å ta seg opp att når stemnet nærma seg. Tretten har aldri vore redde for å satse. Dei har ofte stilt på stemne med svært krevjande stoff, og dei har vunne på det. Jamt over fekk dei gode kritikkar, sume gonger svært gode.

Frå stemnerepertoaret nemner eg *Jon- soknatt* av Johannes Haarklou, *Perlefiskerne* av Bizet, Norge av Kristian Madssveen og *Det lysnet i skogen* av Sigurd Islands- moen.

I -64 song dei *Midtsommerdans* av Dag Kristoffersen og *La Norge fyller vårt hjerte* av Sverre Jordan /Nordahl Grieg. Dirigent var Kaare Th.Hansen. ”Et fremragende en- semble”, skreiv aviskritikaren i G<. ”Koret har tydelig tekstuttale, maskulin energi og rytmisk sans.”

Vanskar

Kåre Melleberg gav seg som dirigent i 1958, og det var vanskeleg å få koret i gang att då hausten kom. Det hangla og gjekk på eit vis, men dei heldt delvis oppe, og dei stod over alle tradisjonelle deltakingar den sesongen, til og med stemnet i Ringe- bu. Det var tungt for mange trufaste songarar, men somme var på konsertane likevel. Ko- ret kom så i gang att utpå hausten -59 med Sverre Kleiven som dirigent.

I 1960 var dei dirigentause att og det var problem med å få øvd inn stemmer. Kaare Th. Hansen vart dirigent og Fredrik Enge og Kåre Melleberg skulle øve stem- mer, og det vart kjøpt inn orgel til det bru- ket. Men no gjekk det trått. Stor hjelp vart

det heller ikkje etter at dei flytta øvingane til Samfunnshuset.

I februar -62 prøvde Øyer og Tretten mannskor å slå seg saman. Kaare Melleberg var dirigent og stemmeøvar, med Kaare Hansen som reserve. Dei øvde ein gong på kvar stad, men etter ei tid, dabba det av, og dei vart samde om å innstille.

I -63 tok formannen i "Sangens og musikkens venner" initiativ til å koma i gang att, og det med hell. Kåre Th. Hansen dirigerte og Kåre Melleberg øvde stemmer. På stemnet i Skjåk fekk Johan Bergslien og Torgeir Ring æresmedalje. I 1965 tok dei til å tala på at det var vanskeleg å få med dei unge, medlemstalet minka stadig. Balansen mellom stemmegruppene hadde vore eit problem lenge, det var bl.a. grunnen til at dei prøvde samarbeidet med Øyer.

Over og ut for mannskoret

Hausten -65 kom ikkje koret i gang att. Dei var dirigentlause, og det var for få medlemmer.

Osvald Frydenlund i "Sangens og musikkens venner" tok kontakt på nyåret i -66. Han hadde klart å skaffe dirigent dersom dei ville vera med på å starte blanda kor. Det var den nye skolesjefen, Leif Simonsen, som no stod klar. Det møtte 12 karar som var viljuge til å bli med i blanda kor. Men det vart bestemt at mannskoret skulle bestå sjølv om det ikkje kom i gang dette året. Men 17. febr.1971 vart mannskoret formelt avvikla. Pengar og eigedelar vart overførte til Tretten Sangkor. Dermed var ei lang æra på Tretten over, og ei ny hadde teke til.

Sangens og musikkens venner.

Tretten mannskor og Tretten musikkforening gjekk saman om å arrangere "Sangens og musikkens dag" siste sundag i mai. Like så gjekk dei saman om å arrangere fest på

Offigstadhaugen om sommaren. Inntektene vart delte likt og var nok ei viktig inntektskjelde for både kor og korps. I 1959 vart "Sangens og musikkens venner" ei eiga støtteforening som har halde seg i aktivitet heilt opp i våre dagar. Dei hjelpte song- og musikklivet på Tretten på mange ulike måtar.

KJØRKJEOKTETTEN

Dette var ei mannsgruppe på Tretten som Joar Stavslibakken hadde på slutten han var organist. Ho var virksam i 15-16 år, slutta i 1973. Dei øvde heime hjå Stavslibakken sundagen før dei skulle syngje i gudstenesta på Tretten, ja stundom song dei i Øyer og.

ØYER MANNSKOR

Allereie i 1865 fekk Øyer hovudsokn si songforening, for aktive og passive medlemmer, ei mannsavdeling og ei kvinneavdeling. Dei øvde og song både kvar for seg og saman etter som styret bestemte. Første månaden øvde dei kvar dag! Kristian Bræin frå Fåberg var fyrste dirigenten. Ein reknar med at denne songforeninga var aktiv fram til 1939; då vart mennene i foreninga invitert til å bli med i Øyer mannskor. Dirigent vart Johannes Musdalslien, og dei deltok på songarstemnet allereie i 1939 som vart halde i Skjåk.

Protokollen viser at koret var i aktivitet under heile krigen. Enkelte år var det få øvingar, og ikkje kvart år vart det øvd inn nokon ny song, men dei møttest og heldt ved like dei songane dei kunne, og så opptredde dei svært ofte på ulike tilstelningar rundt i bygda. Øvingane var stundom på Tingberg, stundom på omgang hjå songarane og stundom på Fossberg. Det vart ikkje arrangert songarstemne i Gudbrandsdalen Sangerforbund i krigsåra, men 17.juni 1945 var det



Kjørkjeoktetten: Frå v. : Kaare Th. Hansen, Johan Bådstø, Odd Skåden, Torger Ring, Helmer Hansen (bak), Eiliv Rognstad, Bjarne Tjernsli, Rolf Haug, og dirigenten Joar Stavslibakken.

stemne i Østre Gausdal der øyværingane deltok.

Aktiviteten etter krigen

Det starta bra like etter frigjeringa, og stort sett heldt songarane i Øyer ein jamn aktivitet utover 50-åra. Dei hadde oftast over 30 øvingar som etter kvart vart halde på Meierisalen, men dei flytte inn på heradstyresalen på Tingberg då Samfunnshuset stod ferdig. Dei deltok på dei tradisjonelle arrangementa som 1. og 17.mai, song i kyrkja ved mange ulike høve, på basarar og festar, stundom i samarbeid med songarbrørne sine på Tretten. Nokre år arrangerte dei, saman med musikkforeninga, konsertar og opptog på "Sangens og musikkens dag" i slutten av mai.

Øyer kommune hadde jonsokarrange-

ment på Maihaugen i 1953. Då måtte sjølv-sagt alle trø til, og mannskora song både kvar for seg og saman. "Ei av Lillehammer-avisene roste oss til og med for sanger vi ikke hadde sunget, så det måtte være bra greier", står det i årsmeldinga.

Artig er det å sjå at Øyersangen av Tor Ile vart innøvd i mannskoret, men dei brukte tonen som Arne Haugen hadde laga. Den er fin, den og.

Det skifta noko i medlemstalet, frå 18-20 til 35. Frammøtet var dei som regel brukbart nøgde med, men ei periode utover på 50-tallet, lista dei opp i årsmeldinga kor mange gonger kvar enkelt songar hadde møtt på øving! Berre dirigenten hadde fullt hus. Lista har kommentarar som "militærtjeneste, arb.utenbygds, sykdom i heimen". Det er og

verdt å merke seg at det gjekk an å få permisjon frå militæret for å koma seg på songarstemnet!

Det var eit bevisst og målretta arbeid i mannskoret. Dei planla for heile året og vurderte det i etterkant. På den måten fann dei ut kva som var mest motiverande for songarane, og kva som gav det beste resultatet musikalsk. Difor bestemte årsmøtet at noteutvalet skulle ha songane klare ved starten om hausten, så skulle dei øve hardt fram til jul, for så å ta det litt meir med ro i januar, og så hardøving att utover våren. Dei hadde også stemmeleiarar som skulle ha ansvar for å samle songarane på kvar stemme slik at øvingane vart meir effektive. Dette siste fungerte nok berre så måteleg.

Elles var dei flinke til å sørge for at både dirigent og songarar fekk høve til å delta på kurs og dermed lære meir.

Dei var og flinke til å vise kvarandre omtanke ved ymse høve. Dei møtte gjerne opp og song ved fødselsdagar og bryllup. ”De av sangerne som har gått hen og taget seg en kvinne til ekte, har vi prøvd å huske på dette året også”, står det å lesa i ei årsmelding. Telegram og blommar vart og brukt ved spesielle høve.

Ein gong hjelpte dei ein songarbror som fekk eit lengere sjukehusopphald. Koret betalte renter og avdrag på eit pantelån for eitt år, og gav han 1000 kr i sjekk.

I 1953 vart det bestemt at dei som hadde lengst og tyngst veg, skulle få billig bilskyss heim att frå øvingane. Elles var det nok føtene og sykkel eller spark som var sikreste framkomstmiddelet anten ein budde synst i Sørbygda eller nørdest i Nordbygda.

Sosialt samvær

Leiinga var klar over at berre det å møte opp og øve, opptre og øve, ikkje var nok for å

halde entusiasmen blant medlemmene oppe. Difor hadde dei ei utfartsnemnd som skulle sørge for at dei kom seg på tur. I 1951 var dei til Møre og Romsdal. Strangstad køyrde. Godt utnista var dei, med bl.a. ein 30 liters dunk med kulturmjølk frå Øyer Ysteri, som var plassert bak i bussen. Turen gjekk ned Romsdalen til Molde og Eidsvåg, og opp att om Sunndalsøra, til Oppdal. I Molde kjøpte ein av songarane seg ny kam, og som den gode øyværing han var, pruta han og fekk fem øre i avslag.

Til Fagernes drog dei i 1957 saman med mannskoret på Tretten og båe musikkforeningane. Dei heldt konsert i Friluftspaviljongen ”for et noe begrenset stort publikum”. Heimatt køyrde dei den nye vegen over Valdresflya, og det var nok eit prektig syn. Elles var det fleire turar her i dalen og nærområda, bl.a. til Sikkilsdalen der dei overvar hingstesleppet.

Laurdag 15.jan 1949 hadde Øyer mannskor 10-årsfest på Neramo seter på Lisetra. Det var ca. 40 gjester og prisen var 7 kr.pr person. Bevertinga var pølser, øl og dram, is og kaffe og kaker. Protokollen melder om mange taler og høg stemning til ”den årle morgen”.

Den 13.januar i 1951 var det fest på Neramo for medlemmer med damer. ”Tretten mannskor med værende og vordende halvdelar var innbudt”. 20-årsjubileet feira Øyer mannskor på Øyer Samfunnshus med Tretten Mannskor og Øyer og Tretten Musikkforeningar som gjester, 140 stykker. Tretten musikkforening stilte med instrument og spelte for jubilaranten!

Stemnearrangør

I samband med 10-årsjubileet i 1949, arrangerte øyværingane songarstemne den 12.juni på Jevnesletta. Det deltok i alt 21 kor. Det var først fellesøving, så songartog

frå stasjonen til stemneplassen, fellessong av Øyer og Tretten mannskor, velkomsttale av Tor Ile, konsert og songarmiddag på Ner-mo, dekkja til 572 personar i ein bordset-ning! På ettermiddagen var det nytt songar-tog, denne gongen frå idrettsplassen til stemneplassen, og ettermiddagskonsert. Til slutt folkefest med dans. Ein svært vellukka dag.

Æresmedaljar

Gudbrandsdal Sangerforbund sette pris på songarar og dirigentar som over lang tid hadde gjort ein stor og ueigennyttig innsats i mannskorsongen si teneste. Under stemnet på Tretten i 1952, fekk dirigent Johannes Musdalslien og den 88 årige songarveteranen Magnus Skalmstad Sangerforbundet si æresmedalje. I 1957 var det Aksel Strangstad sin tur til å bli sett pris på, og i 1962 innførde forbundet medalje til alle medlemmer som hadde vore med ei viss mengde år.

Dirigent

Johannes Musdalslien, lærar på Solvang i mange år, dirigerte Øyer mannskor til i 1961 då han slutta av helsemessige grunnar. I 1964 døydde han, og nokre av songarane samla seg under Gunnar Styve si leiing, og song *En sangers bønn* og *Morgensang* i gravferda hans. "En vakker krans ble lagt på båren som en siste hilsen til vår trofaste leder og sangerbror, og ved graven ble korets florumvundne fane senket til farvel".

Det vart vanskeleg å halde koret i gang etter at Musdalslien slutta. Som alt nemnt, vart det prøvd eit samarbeid med Tretten mannskor. Men interessa var dårleg, og det vart eit par sesongar utan aktivitet. Hausten 1964 var koret i gang att med Gunnar B. Styve som dirigent. Det gjekk i vel eit år, men i november 1965 var det definitivt slutt. På nyåret i 1966 vart Øyer Sangkor stifta, eit blandakor med Styve som dirigent.



MIMRETREFF FOR MANNSKORET PÅ LUNKE I 1976

Frå venstre: Halvor Lunke, Øyvind Berge, Odd Skåden, Ole J.Moen, Asbjørn Børresen, Hallvard Lunke, Kristian Wedum, Oddvar Svegården, Sverre Hagen, Karl Larsen, Kåre Nylund, Hans Skåden, Einar Bratt, delvis skjult bakerst ?, Osvald Løken, Arvid Bratt, Peter Berge, delvis skjult ?, Ole Blikås, Einar Haugerud, Reidar Svegården, Rolf Grothe, Trond Skåden

Øyer Damekor / Øyer Kirkekor

Etter krigen starta klokkar Rolf Tellander eit lite damekor, Etter kvart har det nok vorte for få stemmer, og karane fekk vera med, under namnet Øyer Kirkekor.

Det er noko uklart kor lenge desse heldt på, men på slutten av 50-talet, starta Gunnar Styve opp med damekor. Dei song i kyrkjeleg samanheng og heldt i alle fall på til Finn Kvarving kom som sokneprest her i 1960, for då song dei for han. Else Lunke fortel at ho og Kjerste Gillebo gjekk på øvingane i allslags ver og føre. Stundom vart dei henta med traktor då dei skulle heim att.

Korpsmusikken

Kvar kom inspirasjonen til å blåse i horn og spela i musikkorps frå? Johan Kraabøl (I gamle fotefar 1994) meiner at det staselege korpset utanfrå som spela ved jernbaneopninga i 1894, gav mykje næring til draumen om å spela i musikkorps. Men korleis klarde dei første å skaffe seg instrument, lære seg notar, lære å blåse? Det seier protokollane ingen ting om. Dei aller fleste var sikkert sjølv lærde. Stor respekt og ære fortener desse føregangsmennene, anten det var som musikarar, instruktørar eller dirigentar. Det dei sådde, har gjeve mange fold.

ØYER MUSIKKFORENING

starta så tidleg som i 1896, og vart restifta i 1925. Under heile krigen var musikkforeninga i aktivitet, dei underheldt fleire stader rundt i bygda og deltok på stemmer. Dei øvde for det meste i snikkarverkstaden til Karl Bergheim. Rolf Lindstad var med på denne tida, han vart seinare militærmusikar.

I 1942 var det stemne på Jevnesletta. Då var Ole Solberg borti orekjørret og spikka ein kvist til dirigentpinne, men om Ole Solberg dirigerte då eller korleis det var, hugsa ikkje Karl Stensrud sikkert. Dei var 19

medlemmer den gongen. Dei hadde svarte luer med skygge som uniform.

Tunge etterkrigstider

Det gjekk nokolunde greitt å koma i gang att etter krigen. Det skifta noko på dirigentane, Andreas Bryhn, Arne Ophus og Ole Solberg trødde til når det kneip, men etter kvart vart Gudbrand Bræin fast dirigent. For første gong fekk dirigenten ei lita lønn, 600 kr i året, i tillegg gav dei skyssgodtgjering for dei med lang veg, 1 kr i drosjepengar.

Av styreprotokollen frå desse første åra etter krigen, kan det sjå ut som om motivasjonen er noko fråverande. I alle fall vart det ofte peikt på at det var dårleg frammøte - medlemmene vart stadig oppfordra til å møte på øvingane. "Det er ingen moro å gå lange veier til et musikk møte som man ikke har noe utbytte av på grunn av de andre medlemmenes fravær," skreiv formann Sverre Bergheim i årsmeldinga ein gong. "Det er merkelig at de som har lengst veg er de første og de sikreste til å møte fram", skreiv formann Fjæstad. Men den gode replikken var der likevel: "Det kom ein kropp åt meg da eg skulle gå", sa ein som ofte kom for seint. Dei sleit og økonomisk, og dei var ikkje heilt nøgde med oppslutninga hjå bygdefolket. Musikkforeninga arrangerte både dansefest og konsert utan at bygdefolket stilte opp noko særleg.

Rekruttering og nye medlemmer er eit anna område dei var opptekne av. Andreas Bryhn var på dirigent- og instruktørkurs på Hamar i 1947, med profesjonelle lærarkrefter frå Oslo, bl.a. *Valdresmarsjen* sin skapar, Johannes Hansen. Etter dette tok Andreas Bryhn seg av dei nye som begynte i musikkforeninga. Eit år meldte dei om i alt 9 nye medlemmer, men med ujamnt frammøte heilt til etter sommaren, då vart det elendig.

Elles viser aktiviteten at dei spelte på ba-

sarar, skirenn, i tillegg til gamleheimen, 1. og 17. mai og på stemne. Dei fekk i stand uformelle kappestridar på ski og i fotball mot både mannskoret og idrettslaget.

17.mai 1946 var første gongen det var musikk rundt i bygda om morgonen. Musi- karane starta ved Ile, vart køyrde i lastebil om Neremo og Skåden. Innbedne på trak- ring vart dei og, hjå Ola Moe, Hans Skåden og Johannes Bergum. 17.mai slo dei ofte i hel tida midt på dagen med å sparke fotball på stasjonen. Musi- karane begynte tidleg om morgonen, og dei skulle vera med att om kvelden. Då var det for langt å gå eller sykle heim midt på dagen for dei som budde

lengst unna, for eksempel lengst sør i Sør- bygda.

1949 vart eit godt økonomisk år etter innsamling i bygda, men dårleg musikalsk. Foreninga deltok på dei vanlege arrange- menta i bygda og dei deltok då mannskoret arrangerte songarstemne. Men musikkfore- ninga såg seg ikkje i stand til å delta på mu- sikkforbundet sitt eige stemne. Dei neste to åra held dei seg og borte frå forbundet sitt stemne pga. det låge musikalske nivået.

Det snur

Det kan sjå ut som det snur litt for øyvæ- ringane dei første åra på 50-talet. Eit opp-



ØYER MUSIKKFORENING ca. første del av 50-talet

1.rekke frå venstre: Ole Solberg, Sverre Opjordsmoen, Gudbrand Bræin

2.rekke: Ottar Berge, Einar Hagebakken, Andreas Bryhn, Oddvar Nymo, Arne Pettersen

3.rekke: Oddbjørn Bjørge, Bernhard Lundgård, Karl Stensrud, Simen Lundgård,

Oskar Riseng, Steinulf Fjæstad

4.rekke: Fredrik Krukstuen, Karl Bergheim, Otto Bræin, Sverre Bergheim

drag om å spela på fest for lærar Musdalsli- en fekk fart på musikarane att. Seinare på vinteren sende dei heile 15 instrument til Carl M. Svendsens musikkforretning til reparasjon. Er optimismen komen tilbake?

Dei opplevde å få kommunalt tilskot til arbeidet sitt, og i 1953 starta Sverre Bergheim og Aksel Huuse opp med guttemusikk. Dei skaffa seg nye uniformer til 30-årsjubileet i 1955, det var jubileumsfest med damer på Pellestova, og dei tok med guttemusikken på tur med Skibladner. Ein tur til Fagernes saman med Øyer og Tretten mannskor og musikkforeninga på Tretten, er alt fortalt om.

Tingberg var i dårleg forfatning og trong restaurering og påbygging. Det vart eit problem at musikarane ikkje hadde nokon stad å øve og å oppbevare instrument og notar. Det førde til eit omflakkande tilvære - dei øvde både på Stenberg, Meierisalen og Fossberg. Det var også eit problem at dei ikkje hadde nokon plass å arrangere festar og lignande, som kunne gje pengar i kassa. I 1956 inngjekk musikkforeninga, saman med mannskoret, idrettslaget og ungdomslaget, ei avtale med John Moshus om stemne- plass i Moshuslykkja. Denne plassen kal- la dei "Øyvangen", men som vi veit, vart det nok berre med avtala, og behovet minka vel etter at Samfunnshuset stod ferdig omgjort til jul i 1958. Det kunne brukast til øvingslo- kaler, festar og basarar. Så vart det vedteke å la "Øyvangen" gå tilbake til eigaren.

I 1957 tok musikkforeninga eit stort økonomisk løft. Dei skifta til nye instru- ment, TEMA, over heile rekka, og guttemu- sikken tok over dei gamle. Det var ikkje små krav til medlemmene som no vart stil- te. I protokollen står det: "Møt mannjevt opp på øvelsene. Øv så meget som mulig hjemme, så det virkelig blir mannen bak det nye instrumentet, også slik at det virkelig blir et mål for guttemusikken å bli medlem-

mer i Øyer Musikkforening". No ser vi og at kvinnene gjorde sitt inntog i stormusik- ken, som dei vaksne vart kalla etter at gutte- musikken kom i gang. Bjørg Helen Eng var den første som braut seg inn i denne mann- lege bastionen i -59. Heilt problemfritt, sei- er Bjørg som framleis spelar i musikkfore- ninga.

Protokollen til musikkforeninga får ei stadig meir positiv grunnhaldning. Musi- kalsk oppnådde dei å få svært gode kritik- kar på stemnene og frammøtet var godt.

I 1959 vart Gudbrand Bræin vald inn i styret i Gudbrandsdal Musikkorps Forbund, den første frå Øyer etter lensmann Anton Huuse som hadde teke initiativ og starta forbundet i 1926. På Gudbrandsdal Mu- sikkorps Forbunds stemne på Sel i 1961 fekk desse fortene medalje: Ottar Berge, Otto Bræin, Karl Bergheim, Gudbrand Bræin og Sverre Oppjordsmoen Det var og eit stemne som tydeleg var vellykka i følgje denne kritikken av Halvard Halvorsen:

"Øyer Musikkforening dir. Gudbrand Bræ- in, *Nordisk potpourie* av Østen Toft selvføl- gelig. Kjekt og flott spilt med rytme og myndighet. Bemerkesverdig var trom- petsoloen i *Ågots fjellsang*. Nydelig tolk- ning og en musikalsk fraserings som man sjelden hører maken til. *Kantilene*, ble fak- tisk helt kunstnerisk utført. Langvarig app- laus."

I 1962 arrangerte Øyer sjølve musikk- stemne på Jevnesletta. Det var eit svært vel- lykka og godt tilrettelagt arrangement. Ak- sel Huuse, Fredrik Krukstuen og Sverre Bergheim fekk forbundet sin medalje her.

Økonomi

Det krevst pengar for å drive både vaksen- musikk og guttemusikk, og i 1957 innførde dei medlemskontingent, 2 kr. Elles var det ingen ting å seia på innsats og oppfinnsom- heit blant medlemmene.

Eit år hadde dei noko dei kalla "Operasjon Gullbust", ei fiskekonkurranse i Lågen. Denne vart arrangert av mannskora og musikkforeningane i Øyer og på Tretten. Det var ein bil i førstepremie, ein IFA P70, til ein verdi av 10700 kr., og der folk frå vidt omkring deltok. Karl Stensrud fortel at det var frykteleg mykje arbeid, for bl.a. så vart det så kaldt at elva fraus så dei måtte gå langs elvekanten og slå opp isen med lange staurar. Det var kanskje ikkje så rart. 17. november lyt ein vel rekne med kuldegrader. Men netto vart det, heile 4543 kr til kvar forening, og det kom godt med.

Basarar var populære på den tida, og heile bygda stilte opp når inntektene gjekk til ymse gode føremål i bygda. Musikkforeninga stod ofte som arrangør, til inntekt for seg sjølve, men og Europahjelpa og den nye gamleheimen fekk godt av nettoen. Det var basarar rundt i bygda. Dei tok gjerne til på ein plass, for eksempel i Bekken i Nordbygda, for så å avslutte ein annan stad, for

eksempel på Meierisalen, eit par kveldar seinare.

Skolering

Norges Musikkorps Forbund hadde instruktørar som reiste rundt og heldt kurs. Både Willy Vieth og Einar Stensås vart nemde som dyktige kurshaldarar og musikkforeninga hadde kurs både åleine og saman med guttemusikken og mannskoret. "Meget vellykket, det musikalske nivået steg betraktelig. Viktig med et slikt kurs for de yngre medlemmene som fikk et godt grunnlag," står det å lesa i protokollen.

ØYER SPELEMANNSLAG

I Øyer musikkforening var det fire karar som og trakterte fela. Det var Ole Solberg, han spelte og på cello, Sverre Oppjordsmoen, Gudbrand Bræin og Andreas Bryhn. På slutten av 50-talet begynte dei å koma saman for å spela. Dei spelte musikk dei hadde frå musikkforeninga, men og annan ga-



*Øyer Spelmannslag / Øyerkvartetten
Frå venstre: Sverre Oppjordsmoen, Gudbrand Bræin, Ole Solberg, Andreas Bryhn*

maldansmusikk og songar som dei kunne eller som dei lærde etter notar. Dei vart svært populære, og først på 60-talet var det mange som ville ha dei til å underhalde. Dei var bl.a. på Viken folkehøgskole og spelte på avslutningsfest, dei spelte på ei tilstelning på Glomstad - då kom dei og i avisa, i bryllup og på festar. Dei spelte og i Prestegarden då Finn Kvarving kom åt bygda som prest i januar 1960. Etter kvart som dei vart eldre, spelte dei saman for seg sjølve. Då Ole Solberg døydde i 1984, spelte Gudbrand Bræin og Sverre Oppjordsmoen i gravferda hans.

TRETEN MUSIKKFORENING

Arne Blomberg var en god skiløper i 1940 og -50-årene. Bildet viser Arne under innkomsten mot Eriksrud i et skirenn som avholdsforeningen Varsko arrangerte først i 1940-årene. Arne vant rennet og slo ut bl.a. Martin Stokken som siden ble en av Norges beste idrettsmenn. Begge startet i 50-km på Winge. Stokken ble nr 2, Arne noe lenger nede på lista.

FRI-IDRETT er uten tvil den idrettsgrenen der Tretten Idrettslag har hatt størst oppslutning og hevdet seg best, og da særlig i løp. I 1952 stilte Idrettslaget med et lag i Holmenkollstafetten for første gang etter frigjøringen. Laget ble nr 9 i klasse 3 med tiden 55.32. Etter dette gode resultatet ble det stor interesse for trening til stafettløp og andre løp. Opptil 30 mann stilte opp til trening og uttakingsløp.

Tannlege Magne Hekneby, som da var leder i friidrettsgruppa, viste stor interesse og la ned mye arbeid for fri-idretten på Tretten i noen år framover. Dette ga også resultater. I Holmenkollstafetten i 1953 ble laget nr. 2 i klasse 3 med tiden 54,23. Laget var bare sekunder fra seieren, og et mindre uhell på en av etappene gjorde trolig sitt til at laget ikke ble klassevinner. Det beste resultatet i fri-idrett i 1954-sesongen hadde Kjell Lokvam med 11,5 på 100-m 737 poeng. Ellers oppnådde Lokvam denne sesongen 24.0 på 200 m og 53.6 på 400 m

I 1960 setter Johnny Elvestad kretsrekord i spydkast med 59,60 m.

I 1961 deltar Tretten Idrettslag med fire mann på kretsmesterskapet i lengdesprang, hopp uten tilløp. Odd Halstenstad tok gullmedalje i høyde: 1,43, og sølvmedalje i lengdesprang: 3,09.



Tretten Idrettslag under innmarsjen på Bislett i 1953:

- 1. rekke fra venstre: Erling Ourom, Brage Hysten, Arne Blomberg, Bjørn Berg, Einar Bjørnstadjordet,
2. rekke: Erik Stalsberg, Karsten Moe, Odd Halstenstad, Jostein Simensen, Jørgen Stensrud.
3. rekke: Gunnar Moe, Ola Kråbøl, Johan Halstenstad, Sigurd Formo, Kjell Lokvam,.*

I junior høgdesprang ble det bronsemedalje på Magne Kråbøl: 1,31.

I 1949 ble det opprettet orienteringsgruppe i laget med Einar Bjørnstadjordet som leder.

Forskjellige idrettsarrangement:

I 1946 ble Tretten-rennet holdt med langrenn lørdag 16. mars med start fra Eriksrud. Samme kvelden var det idrettsgudstjeneste i Tretten kirke ved sokneprest Basberg og med ofring til Nasjonalhjelpen. Søndagen etterpå var det hopprenn i Solbergbakken. Entre kr 1,-, barn gikk gratis. Om kvelden var det skiseksa i Eriksrud der inngangsbillettene var kr 1,50

På medlemsmøte den 14. mai 1949 ble det enstemmig vedtatt å søke om Norgesmesterskapet på ski, 4 x 10 km. stafett og 50 km. langrenn. I brev fra Norges Skiforbund, referert på medlemsmøte den 29. juni, samme år, opplyses det at Idrettslaget er tildelt Norgesmesterskapet den 10. og 11. februar 1951. Arbeidet med forberedelsene til mesterskapet ble satt i gang. Målet var å nå fram til karakteren: "Særdeles godt arrangement".

Arbeidet i året 1950 var preget av å forberede dette Norgesmesterskapet. (Se egen artikkel om dette arrangementet)

Laget har hvert år like siden 1934 arrangert Tretten-stafetten - unntatt under krigen. Det er et arrangement der lag fra hele idrettskretsen har deltatt. Ellers har det blitt flere større og mindre arrangement gjennom årene.

I 1949 arrangerte laget kretsmesterskap i skogsløp ved Glomstad. Bare fire løpere stilte opp. Kretsmester ble Normann Heitkøtter fra Otta.

1960, den 19. juni, arrangerer laget nasjonalt fri-idrettsstevne på Idrettsplassen. Samme år arrangeres kretsmesterskap i fem-kamp og 3000 m hinderløp på Idretts-

plassen. Halvdan Kluften, Faukstad, satte ny kretsrekord i hinderløpet med tiden 9.50.2

1963: Idrettslaget arrangerer svømmekurs over 12 dager. Det var i alt 68 deltakere, og av disse lærte 45 å svømme under kurset. Instruktør på kurset var Jan Duedal fra Ringebru.

På et møte i Gonstad den 14.03.55 stiftet idrettsinteresserte i Musdal klubben: "*Musdal Idrettsklubb*". Klubbens formål var å få økt interessen for all idrett i Musdal.

Tanken var å arbeide etter idrettslagets lover, men med eget styre og kasse. Brevet om dette tiltaket er undertegnet av den valgte lederen for styret og ellers er det undertegnet av 10 aktive idrettsutøvere i Musdal.

Klubben fikk nok en kort levetid, for dette brevet til Tretten Idrettslag i 1955, er det eneste en siden har hørt eller sett til klubben.

Særlig 1950-årene var svært gode år i Tretten idrettslag både når det gjelder deltakelse og resultater fra enkelte idrettsutøvere og lag. Likeså innsatsen fra lagets medlemmer med å arrangere NM på ski og fullføringen av idrettsbanen. Som et godt tegn på god aktivitet og gode idrettsutøvere i laget, ble det fra aktive idrettsutøvere hevdet at det var lettere å oppnå premie i kretsrenn enn i klubbrennet på Tretten.

Idrettslaget får låne skipsmegler Chr. Bulls hytte på Ingeridskogen til trening og kamratslig samvær. Det var noen bruksregler for hytta. Punkt d: Røyking på senga er ikke tillatt, likeså å ligge med støvler på.

Kinodrift i Eriksrud:

Tretten Idrettslag hadde konsesjonen på kinodrifta i Eriksrud fra 1947 til 1960.

Medlemmer av idrettslaget var da med ved billettsalget, og som kontrollører.

I Tretten Idrettslags arkiver er kontroll-



Hinderløp på Tretten idrettsplass i 1950 årene. På tross av at det var nedlagt en god del arbeide med anlegg av hinderløpsbane på plassen, ble denne lite benyttet, og ble forholdsvis fort nedlagt.

boka bevart. Her står dato for hver film som ble vist i Eriksrud disse årene, navn på filmen, antall tilskuere og billettinntekter. I 1947 var billettprisen for voksen kr. 1,75, barn kr. 0,75.

Filmen som ble sett av flest personer i disse årene var "Fjols til fjells" i 1957. I alt 635 personer så denne filmen i Eriksrud. Trolig hadde den store publikumsoppslutningen til denne filmen, sammenheng med at en del av opptakene var gjort på Winge Turisthotell.

Som nr. 2 i publikumsbesøk var "Kampen om tungtvannet" i 1947, I alt 418 personer så denne filmen. "Bustenskjold" som ble vist i 1959 fulgte her tett oppunder. 414 så denne filmen.

Å være billettør, og kontrollør i gangen i Eriksrud kunne nok være en kald fornøyelse i vintertiden. I 1960, da kinodriften ble flyttet til det nye Samfunnshuset, stod det følgende i kontrollboka: "Snipp - snapp - snute - - - og her er det slutt på kinodrifta i Eriksrud. Nå flytter det over til Samfunnshuset. Der slipper vi i hvertfall å fryse i hjel, når det bli noen kuldegrader ute, men Eriksrud har tjent oss trofast likevel. Takk for oss!"

I 1948 hadde Idrettslaget i alt 50 medlemmer . 40 menn og 10 kvinner. I 1960 var det 61 medlemmer. Ledere i denne tiden har vært:

- 1945-46: Kåre Wåler
- 1947-48: Reidar Hauglund
- 1949-51: Oswald Frydenlund
- 1952-58: Olav Aamot
- 1959-63: Reidar Hauglund
- 1964-65 : Reier Romundgard

Oddvar Stensrud

Norgesmesterskapet på ski i 1951

- et 50-årsminne



I februar 2001 var det 50 år siden Tretten idrettslag arrangerte Norgesmesterskapet på ski: 50 kilometer langrenn og 4 x 10 km stafett. Mesterskapet ble avviklet på Winge Turisthotell i Musdal den 10. og 11. februar.

Å ta på seg ei slik oppgave, var modig gjort av et lite idrettslag, og det ble tidlig bestemt at arrangementet skulle legges til Winge. Dermed kunne en være sikker på at det ble nok snø så en fikk lagt brukbare løyper.

Den kjente skiløperen, Ole Stenen fra Øyer, var løypesjef, men det var skiløpere fra Tretten og Musdal med Olav Åmot i

spissen, som hadde det meste arbeidet med å gå opp løypa. Oswald Frydenlund var formann i idrettslaget, og hadde blant annet som oppgave å reise inn til Oslo og invitere kronprins Olav til Norgesmesterskapet. Reidar Hauglund var også en av de som bør nevnes i forbindelse med forberedelsene og avviklingen av mesterskapet.

Det viste seg at det var ingen fare for snømangel. Vinteren 1950-51 ble en snøvinter en ikke har opplevd maken til i de 50 årene som er gått siden. Snøen lavet ned så å si hver dag, og det største problemet for idrettslaget ble ikke for lite snø - tvert imot: det ble i meste laget.

Løype-traseene ble oppgått tidlig på vinteren, og de ble stadig forsøkt holdt åpne. Nesten hver helg kom det en lastebil med skiløpere nede fra Tretten. Også mange fra Musdal var med og gikk opp løypene. En gikk da tre i bredden slik at en fikk gått opp for stavtakene med det samme.

Løypene startet nede på Wingejordet, nedafor hotellet. 50-kilometerløypa gikk bortover til Optun, gjennom Optunshavninga og i småkupert skogsterreng til Blihovdbygda. Videre gikk den over Kili-elva nederst i Blihovdbygda, og her var det nokså bratt opp fra elva. Løypa fortsatte så i slak motbakke opp til Skeikampen høyfjellshotell der det skulle være matstasjon. Fra Skei gikk så løypa mot Jøynnbulia og i nokså frisk unna-kjøring ned til brua over Kilielva. Deretter gikk den i skogen ovafor Blihovdbygda og fortsatte så i lettкупert skogsterreng helt til Elstadlykkja. Derfra gikk den så ned mot Winge igjen og kom opp på Wingejordet fra Musåa nedafor fjøset der. Så bar det inn mot startstedet.

Denne runden var på 25 km, så 50-kilometer løperne måtte gå en runde til etter matstasjonen der.

Stafetløypa på 10 km fulgte 50-km løypa mot Blihovd-bygda, men tok da av fra denne og kom opp på 50-kmløypa fra Skei i skogen mellom Blihovdbygda og Elstadlykkja og fulgte denne til mål.

Jeg var med i løypegjengen og hadde for anledningen fått montert rottfella-bindinger på skiene mine. Før hadde jeg hatt lærbin-

dinge. Men jeg hadde "hælvsula" beksømsko, og det ble nok for stor påkjenning på skoene. Da jeg på en av turene skulle gå opp bakken fra Kilielva, løsnet sålen på ene skoen, men jeg kom da rundt på sett og vis. En annen gang vi gikk opp 50-km løypa, gikk vi innom Skeikampen, der vi fikk kjøpt eksport-øl. Dette hadde en rask og god virkning ei lita stund, for da vi kom ut att og fikk på oss skiene, var vi så opplagte at vi beinflaug i laus-snøen. Men da vi kom ned mot Blihovdbygda, ble vi så slappe og keie at vi nesten ikke kom fram til Winge att.

Siste søndagen før Norgesmesterskapet var vi vel ca. 20 skiløpere som gikk oppatt den lange løypa om Skei. Det var snøvær den dagen også som det hadde vært de fleste dagene denne vinteren. Da vi etter noen timer kom tilbake til Wingejordet, var det ikke tegn til skispor der vi hadde starta. Jeg husker da at Olav Åmot utbrøt: "Nei, nå må vi avlyse heile greia!"

Utover i uka før mesterskapet ble det lettere vær, og en fikk oppover militære mannskaper fra Jørstadmoen til å gå opp skiløypene. I tillegg fikk en satt på bulldozere til å brøyte parkerings-plasser for biler og busser.

Det var med stor spenning de fleste på Tretten så fram til dagene for NM og hvordan dette ville gå. Lørdag 10. februar var en grå, mild dag med litt småregn i lufta. 10-km-løypa ble litt glatt, men hele stafetten gikk uten større problemer. Ved innkomsten stod jeg nedafor fjøset på Winge der det var en kvass bakke opp fra Musåa og opp på jordet. Der la jeg merke til en liten tettbygd kar som beinflaug opp bakken, mjuk og ledig som en katt. Etterpå fikk jeg høre at dette var en som het Hallgeir Brenden, og som fikk den beste etappetida under stafetten. Dette mesterskapet var visst gjennombruddet for Brenden som skiløper.

Utover kvelden og natta klarnet det opp, og søndag 11. februar ble en av de fineste dagene i Musdal denne vinteren: sol fra så å si skyfri himmel og fine føreforhold. Folk strømmet til fra tidlig på dagen og det ble påstått at i alt 4000 personer var tilstede og så på 50-kilometeren.

Det ble på alle måter en svært vellykket dag. Edvin Landsem ble Norgesmester på 50 km med Martin Stokken på andreplass. Tretten idrettslag hadde anledning til å stille med to løpere på 50-kilometeren. Det var Arne Blomberg og Magne Brenna. Riktignok ble de et godt stykke nede på resultatlista, men begge fullførte løpet.

En og annen humoristisk episode kan jeg huske fra mesterskapet. Under premieutdelingen fra 50-kilometeren ble det opplyst i høytaleren: "Nr. 1 og Norgesmester: Edvin Landsem!" Da ble det ropt fra publikumsflokkene: "N-ei! Dæ va itte 'n Edvin Landsem, dæ va 'n Sverre Langsveen!"

Kronprinsen kom med bil oppover Musdalsvegen. Veggen var smal og trang, og da den møtte en bil med noen bygdakarere på tur nedover, kom kronprinsens bil så langt ut i snø-kanten at den satte seg fast. Alle i begge bilene kom da ut og prøvde å få skuvd bilen opp på veggen att. En bygdakar som sikkert ikke var klar over hva slags mann dette var, utbrøt til kronprinsen: "Kom å ta ti, du au, å stå itte der å kop!" Kronprinsen ble da med og skuvde, og bilen kom opp på veggen att. Da utbrøt samme karen: "Du va sterk au, du, berre du ville ta ti!" Det ble påstått at kronprinsen smilte av dette opptrinnet.

Norgesmesterskapet fikk rosende omtale både i presse og radio. Rolf Kirkvåg hadde 20 minutter sending fra mesterskapet i radioen.



Harald Maartmann i fint driv på Wingejordet under 50-km



Olaf N. Økern, den eldste på 50-kilometeren på Winge: Han var over 40 år, likevel tok han 4.-plassen.

Ungdomslaga i Øyer kommune (1945–1965)

I 1992-utgåva av "I gamle fotefar" skreiv Odd Bjerke ein fyldig artikkel om det frilynde ungdomslaget på Tretten frå starten i 1898 og fram til 1952. Men den frilynde ungdomsrørsla var ikkje slutt då, og eg vil no freiste å fortelja litt om arbeidet i dei ymse ungdomslaga, både dei frilynde og dei andre, i Øyer og på Tretten dei fyrste 20 åra etter krigen.

DEI FRILYNDE LAGA

Tretten Ungdomslag

15. januar 1898 vart Tretten Ungdomslag skipa på eit møte på Solheimssalen. Der vart det bestemt kva for saker dei skulle arbeide med, og ein "bestyrelse" på 5 personar – 3 menn og to kvinner – vart valgte. På dette fyrste møtet skreiv det seg i alt 54 medlemmar. Talet på medlemmar og aktiviteten i laget varierte sterkt. Fyrst på 1900-talet var laget aktivt og hadde mange medlemmar, medan det i åra 1916 og 1921 var nedlagt. Ungdomslaget vende seg fyrst og fremst til ungdom, sjølv sagt, men gjennomsnittsalderen var etter måten høg, over 30 år.

Lærarane vart sentrale i rørsla. Frå skulegangen sin hadde dei med seg røymsler frå lagsarbeid ut i bygdene, for gjennom utdanninga si var dei både engasjerte og godt kvalifiserte til å samle ungdomen til lagsarbeid etter endt skulegang. Grunngevinga for å starte opp eit frilynt ungdomslag, var mellom anna at det skulle vera eit alternativ til unyttig lediggang blant ungdommen, da dette lett kunne føre dei til flaska.

I 1894 kom jernbana til Tretten, og med dette skjedde det store endringar i lokalsam-

funnet. Det vart bygd bru over Lågen, noko som førte til betre kommunikasjon, og som vart starten på oppbygginga av eit meir konsentrert bygdesamfunn. Men det var lite av organisasjons-tradisjon i bygdene, og det eksisterte få lag av sosial og kulturell karakter. Da ungdomslaga vart skipa, oppsto noko heilt nytt - både fordi oppslutninga var stor - og fordi målgruppa var ungdom.

Fråhaldssak var ein av dei fremste elementa i den frilynde ungdomsrørsla. Når det skulle vera fest, ville ungdomen helst danse runddans, men leiarane sette den slags aktivitet i samband med alkoholbruk, og det vart lenge kjempa for at dans måtte vike for folkeviseleik. Så seint som i 1914 nekta formannen runddans som avslutning på eit folkedanskurs, men i 1917 vart dei to danseformene jamstelte. Eit overorda mål for dei frilynde ungdomslaga var å rekruttere ungdom frå ymse sosiale lag og næringar.

Ungdomslaget på Tretten starta opp att etter krigen i 1945, og entusiasmen var stor. Årsmøtet i 1945 vart halde 2. nov. i Bjørkholt, som var kommunehus på den tida. Det-

te møtet opna, som alle møte både før og seinare, med allsong, og denne kvelden var det Fedrelands-songen som vart sunge med sterke kjensler og stor innleving.

”Norske mann i hus og hytte
Takk din store Gud!
Landet ville han beskytte,
Skjønt det mørkt så ut.
Alt hva fedrene har kjempet,
Mødrene har grett
:/Har den Herre stille lempet
Så vi vant vår rett:!”

I det fyrste styret etter krigen var Ingvar Hylene, formann, Trygve Solbrå – kasserar, Magni Hylene skrifvar, og styremedlemmane var Terje Mo, Fredrik Enge, Hans Prestegarden og Kitty Prestegarden. Alt tyder på at aktiviteten i laget var stor i åra etter krigen, og medlemstalet var forholdsvis stabilt. Etter protokollane har det variert mellom ca.50 og 80. Ungdomslaget vart ein skule i demokrati, organisasjonsarbeid og sosial trening, og mang ein ungdom fekk sine fyrste røymsler i foreningslivet her, og det er liten tvil om at laget hadde ein viktig funksjon i lokalsamfunnet.

Frå 1946 arrangerte gutar og jenter møte vekselvis for kvarandre, men om dette var berre for moro skuld eller om det låg likestillingsidear bak, kan eg ikkje seia sikkert. Dagsorden på møta var stort sett den same i alle år. Møta starta med allsong, og det var lagssaker, avis, ymse slag underhaldning, bevertning, loddsal, leik og dans. Til slutt tok dei saman i broderring og song fedrelandssalma.

Gevinstane til utlodninga var ofte kaker. Ein gong var det kringle, sigarettar og tobakk til gevinstar, noko som visstnok var svært populært! Ja, det var den gong det, og ikkje no... Møta opna - som sagt - med all-

song. Så vart møteboka med referat frå førre møte opplesen og godkjend. Lagsavisa – Ungdom – var eit anna fast innslag på møta. Det var to nye avisansvarlege for kvart nummer, og desse presenterte avisa sjølve. Her er det mykje, både av skjemt og alvor, i form av forteljingar, alvorlege, tankevekkjande og morosame, og det er dikt, vers og vitsar. Mykje av stoffet er funne i ymse bøker og blad, men kreativiteten, alvoret, satiren og humoren i det sjølvproduserte stoffet, er imponerande.

Pinsekvelden i 1947 hadde ungdomslaget fest på Offigstadhaugen, og det var heile 1200 personar til stades på festen. Seinare på året vart det skipa til foreldrefest i Eriksrud for fyrste gong, og dette var ein sers vellykka fest, der både eldre og yngre hadde det moro i lag.

TUL var og med å skipa til messe på Kyrkjehaugen olsokkvelden.

17. mai 1948 vart minnesteinen over trettingar som fall i krigen, avduka på Tretten stasjon. Det var gjort vedtak tidlegare om at ein slik stein skulle reisast, og ei eiga bauta-nemnd hadde leidd arbeidet.

I 1951 var det 54 medlemmar i laget. På den sosiale sida hadde laget stor aktivitet. Det var korgfest, julefest, to festar på Offigstadhaugen og olsokmesse på Kyrkjehaugen. Inntekta av festar og andre tilstelningar gjekk ofte til laget, som heile tida hadde dårleg økonomi. Men dei hadde og mange arrangement der inntekta gjekk til andre føremål, som vi vil sjå seinare. Laget hadde besøk av songaren Gunnar Bergseng som song og snakka om folkeviser, og dei var bedne til Misjonshuset (sitat frå protokollen) - ”der Seim skulle tala til ungdommen, men diverre var det midt i Stavsmarken, og mange var nok opptekne der, så eg trur ikkje vi fekk det utbytte av det som vi skulle.”

I 1952 vart det halde 5 medlemsmøte og 4 styremøte, noko som eg trur kan vera ein gjennomsnitt for dei 20 åra som bli omtala her, og talet på lagslemmar var oppe i om lag 75. Styremøta vart stort sett haldne i private heimar, medan medlemsmøta var på ymse stader i bygda, mellom anna i Bådstø, på Skytterhuset, Samfunnshuset, i Optun og på Dulven.

Det vart sett i gang ein nynorsk lesering dette året, og denne ringen hadde 14 deltakarar, og to studieringar vart sette i gang: engelsk-kurs på Sør-Tretten og motorlære i Musdal.

Dette året skipa TUL også til juletreffest for born i Eriksrud. Dei bakte kaker i bryggerhuset på Haug, og sto sjølve føre både med kaffe- og kakao-koking. På festen synt born frå Dulven fram julespelet "Heilage tre kongar". Fru Hylen spelte orgel, og Josef Strand las egne dikt. Og jammen kom både julenissen og kona hans med eple til borna. Det var fullt hus på festen!

Året etter, i 1953, vart det halde leikkurs både for born og vaksne. Det vart send brev til skulane i bygda med oppmoding om å lære borna tekst og tonar åt nokre av folkevisene våre. Det var tre studieringar i gang med hagebruk, motorlære og fyrstehjelp som emne.

Gudbrandsdal Ungdomslag hadde dårleg økonomi, og ba om hjelp frå lokallaga. TUL ville halde pakkesal til inntekt for GU, men dei måtte fyrst skaffe pengar til eiga kasse, for økonomien var, som før sagt, ikkje sterk i lokallaget her heller. Fellesmøta med nabolaga held fram, og i mai var Losna UL, Øyer UL og ungdomslaget Ottar Birting på vitjing, og fram møtet var det ingen ting å seia på, heile 184 personar satt til bords og fekk servert lapskaus og øl.

Det årlege GU-stemnet i 1954 var i Skjåk,

og der tok TUL's stafettlag 3. og siste napp i vandreskjoldet, ein flott prestasjon!

Medlemstalet var nokså stabilt på 50-talet. I 1955 var det 72 medlemmar, og ungdomslaget tinga 51 luter á 100 kr i Tretten Samfunnshus. Dei samarbeidde med Tretten Bondekvinnelag om Riksgalleriet si vandreutstilling, og skipa til ein hyggekveld saman med Idrettslaget.

I 1957 kom ei ny lov om dans i ungdomslaga, og det vart mellom anna halde ein studiering i "Omgangsformer og folkeskikk", noko som sikkert var lærerikt, og som kanskje kunne vore nyttig i dag óg?

Grunnarbeidet til nytt dansegolvt på Offigstadhaugen vart gjort på dugnad i 1958. Ungdomslaget hadde ansvar for å halde Kyrkjehaugen i Musdal i stand, og denne sommaren arrangerte laget GU-stemnet. Til dette stemnet hadde dei øvd inn skodespelet "Garden i eventyret" av Knut Hauge. TUL hadde med to stafett-lag, og dei kom på 1. og 3. plass. På denne tida vart det meir og meir vanleg med framsyning av levande film og lysbilete på møta, og det vart teke opp glytt frå dette stemnet på film.

I 1958 reiste skodepelarane i laget rundt og synt fram "Garden i eventyret", og det vart synt fram to gonger i Eriksrud, den eine gongen til inntekt for samfunnshuset. Det nye dansegolvet på Offigstadhaugen var ferdig, og det vart halde to festar der denne sommaren. GU-stemnet var i Vågå, og der kom stafettlaget på 4. plass.

Det var óg hyggekveld på Dulven, - "ein morosam underhaldningskveld for unge og eldre, og her var det diskusjon over temaet "Kvifor er det så mange ungkarar i Musdal?" Det var mellom 50 og 60 tilstades, så eg vil tru det vart ein livleg diskusjon, men om dei klarte å løyse "problemet" seier soga ingen ting om.

Dette året fekk laget ny fane, som var



Medlemmar frå Trettten ungdomslag på tur til stemnet i GU på Otta i 1963

måla av Arve Hagen. Motivet på fana var ei jente og ein gut i forgrunnen, med Vard'-kampen bak.

I 1961 vart det halde ein fest til inntekt for kjøp av luter i A/L Dølaheimen, og i 1962 vart det vedteke å kjøpe 3 stk., samt at dei skulle gå til innkjøp av lydbandopptakar. På dette årsmøtet, står det i protokollen, var det uvanleg mange frammøtte, 35-40 personar. Ein fer inntrykk av at folk nesten ikkje torde gå på årsmøte, i redsle for at dei skulle bli valde inn i styret eller ein komité, for på denne tida var det ikkje brukeleg å spørja på førehand.

Det var eit aktivt studiearbeid dette året, og det vart halde leik-kurs med Petra Nordberg som lærar. Og det var heile 86 deltakarar på dette kurset.

Den 10/11 var det møte på Skytterhuset, og eg har lyst til å ta med ein bit av referatet frå dette møtet:

- "Olav og Sigurd spela så opp til lystige takter og dansen gjekk så sveitten rann utover natta. Ja, eg trur mest det leid fram mot fyrdygurd da det vart slutt, for Jordmor-Mathea-stjerna hadde vorti mistenkjeleg bleik og matt da vi gjekk heimat." Det er

ingen tvil om at dei hadde det morosamt i lag. Det kan ein forresten lese i referata frå heile perioden, så dette er nokså typisk i så måte. Økonomien i laget var framleis skral, og derfor tok dei ikkje del i vinterstemnet på Lesjaskog. Det var langt dit, og det vart for dyrt og reise.

Dei neste åra heldt dei fram med leikkurs, og det var stor aktivitet i laget. I 1964 vart det vedteke å setje opp ny paviljong på Offigstadhaugen, og dei deltok i Vinterstemnet på Vinstra. Eg har lyst til å ta med enda ein bit frå eit referat, og dette er typisk for referata i denne 20-årsbolken, men sjølvsagt har det vore variasjonar:

"Riktig bra frammøte var det når formannen opna med å ønske alle velkommen, og vi fortsette med allsong. Elles var det nokre få lagssaker -----" så var underhaldninga referert i detalj, og det slutta med "----så tok vi saman i brodering og song "Gud signe vårt dyre fedreland."

Når ein les referat frå møta i åra etter krigen, er det heile tida fortalt at dei hadde levande dansemusikk på møta, fele og/eller trekkspel, som medlemmane sjølve sytte for. Vi veit no at det vart kjøpt bandspelar i 1962, men det er fyrst i 1964 den er nemnt att, og da står det i referatet frå årsmøtet at: - "vi dansa til musikk frå bandspelar."

Leikkursa heldt fram i 1965, framleis med god oppslutning. 11. februar vart det arrangert skirenn på Musdalssetra, og det var stor deltaking av både store og små. Same kvelden var det ungdomsmøte med

premieutdeling på Dulven. Alle fekk premie, og det var sett opp ein spesiell premie til "Dagens slappaste laupar." Det står ingenting i protokollen kven det var.

Noregs Ungdomslag er, som før sagt, ein upolitisk organisasjon med m.a. fråhaldssak som ein prioritert oppgåve, og i lagsavisa UNGDOM nr. 3 frå 1945 står det klårt og tydeleg: "Avholdsungdom er sosialt og idealistisk innstilt – ungdom som interesserer seg for alle saker som kan føre samfundet opp og fram". Dette syner at medlemmane, i alle fall i teorien, var svært klåre over målsetjinga for den frilynde ungdomsrørsla. Saker som var oppe i tida og som engasjerte medlemmane, vart diskuterte. For å finne ut kva medlemmane var opptekne av, vart det laga ei spørsmålsskase, der dei kunne koma med ting dei gjerne ville ta opp. På denne måten fekk alle medlemmane høve til å vera med og styre innhaldet på møta.

Eit arrangement som det kanskje er verd å nemne med nokre ekstra ord til slutt, er festen 2. juledag. Denne festen var eit av dei absolutte høgdepunkta i året. I fyrstninga var festen halden i Bjørkholst, seinare vart Samfunnshuset brukt. Det var berre medlemmar som hadde tilgang, men alle hadde høve til å beda med seg ein person, seinare vart det to. Faste innslag på festen var foredrag, talar, song og dans. Dansen starta alltid med polonese, og også her var folkeviseleik ein del av dansen. Sjølv sagt var det servering, både ein og to gonger under festen. Det var kaffe og kaker, men det vart og servert vafler og anna godt, som det står i referata. Eg har sjølv vore så heldig at eg har vore med på nokre slike festar fyrst på 60-talet. Da hadde alltid jentene bunad, og det var dekka fine langbord på Samfunnshus-salen. Her var det velkomsttale, damenes tale, herrenes tale, song og andre morosame innslag. Og det var polonese og dans. Skikkeleg stilfulle og fine festar var

det. Dette var som regel fyrste festen for årets konfirmantar, og det var fint å kunne debutere på ein slik fest, med både eldre og yngre i lag.

Etter referata frå denne 20-års-bolken å dømme, har medlemmane vore aktive og gjort ein stor innsats i ungdomslaget. Det har vore eit utal komitear og nemnder og mykje dugnadsarbeid der kreativiteten og aktiviteten har vore imponerende. Og resultatet vart godt samhald og mykje moro. Ikkje minst var dette ein skule i organisasjonsarbeid, og mange av dei som har vore med i eit ungdomslag, har seinare i livet hatt mykje både glede og nytte av den lærdommen dei fekk med seg derifrå.

No er ikkje Tretten Ungdomslag aktivt lenger, men eg kan heller ikkje sjå at laget er nedlagt, så kanskje kan det komme ei ny blomstringstid for ungdomslaget?

Desse har vore formenn i TUL i tida 1945-65:

1945	Ingvar Hysten
1946	Hans Prestegarden
1947	Sigmund Pålstrud
1948	Kjellaug Halstenstad
1949	Brede Mo
1950	Anna Berg
1951	Marie Holmen
1952	Kaare Th. Hansen
1953	Erik Stalsberg
1954	Martinus Stein
1955	Marie Holmen
1956	Johan Halstenstad
1957	Oddvar Stensrud
1958	Bjørn Berg
1959	Bjørn Berg
1960	Eldrid Landgård
1961	Sverre Musdalslien
1962	Randi Offigstad Hong
1963	Randi Offigstad Hong
1964	Magne Jevnhagen
1965	Magne Jevnhagen

Øyer Ungdomslag

Den fyrste protokollen frå Øyer ungdomslag er frå 19.januar 1929, men det vart feira 60-års-jubileum på Samfunnshuset 2.juledag 1968. Dette betyr at laget vart stifta i 1908, altså 10 år seinare enn Tretten Ungdomslag, men bakgrunnen og tilhøvet for å setja i gang frilynt ungdomsarbeid, vil eg tru var den same i båe bygdene. Også her skjedde det i tida rundt hundreårsskiftet store endringar i lokalsamfunnet. Heller ikkje i Øyer hadde dei serleg med organisasjons-tradisjoner, og det var ikkje mange lag av sosial og kulturell karakter. Dessutan var det eit tilbod som retta seg direkte til ungdommen, så dette var noko heilt nytt, også i Øyer. Laga hadde sine eigne lover, men det var lovene til Noregs Ungdomslag som var grunnlaget for desse.

Ungdomslaget var i aktivitet fram til 1942, da styret skreiv brev til Kultur- og Folkeopplysningsdepartementet og Gudbrandsdal Ungdomslag med fylgjande ordlyd:

”Med dette segjer vi frå at vi ikkje kan stå som styre i Øyer UL så lenge statsmak-tene vil tvinga laget inn i ein ufri statsskip-nad.”

Brevet var underskrivi av heile styret 14.03 1942. Den 18.03 var 110 lagslemmer tilstades på møte på Tingberg. Her vart skrivet lese opp, og alle var samde i det styret hadde gjort.

”Arbeidsåret slutt 18. mars da forman-nen og styret har lagt ned arbeidet sitt. Ingen av lagsfolka vil ta over styringa” står det i dette siste referatet.

Den fyrste protokollen som er tilgjengeleg etter krigen, er frå årsmøtet 29.aug. 1945 som vart halde på Fossberg. På dette møtet vart det vedteke å starte ei innsamling åt ofra for krigen. Kristian Sundby vart vald

til å stå føre innsamlinga. Kassabehaldninga var på kr. 7.95, og på bankboka sto kr. 106,09. Det var val, og i det fyrste styret etter krigen var Kristian Sundby formann, Steinulf Fjæstad nestformann, Sverre Pettersen skrivar, og Janna Høvren og Mathea Bryhn vart styrelemmar. Også møta i Øyer ul. opna med allsong, og på dette fyrste møtet song dei

”Å leva det er å elska.
det beste di sjel fekk nå;
å leva, det er i arbeid
mot rikare mål å trå”

Etter at lagssakene var unnagjort, underheld Olaug Myhren og Sverre Opjordsmoen med god musikk – ”og så byrja leiken som gjekk kvikt for seg til kl. 12. Møtet slutta med broderring og ”Gud signe vort dyre fedreland.” (sitat frå protokollen). Protokollen var underskriven av Sverre Pettersen og godkjend av Kr. Sundby. Så langt det fyrste møtet, men dette står som ein standard for alle møta seinare. Dei byrja alltid med allsong, det var lagssaker, loddsal, avis, underhaldning og leik, og alle møta slutta med broderring og fedrelandssalma.

Som i Tretten Ungdomslag hadde også Øyer UL ei rekke nemnder og utval, t.d. festnemnd, idrettsnemnd, skodespelar-nemnd og studienemnd. Dessutan var det ny programnemnd og ny bladstyrar for kvart møte. Medlemmane fekk utlevert eit spørjeskjema der dei skulle svara på kva den einskilde medlemen hadde interesse av i laget, og fekk på den måten vera med og bestemme innhaldet på møta.

29. og 30. september 1945 hadde Gudbrandsdal Ungdomslag årsmøte på Vinstra, og frå Øyer var det 3 utsendingar, 2 gutar og 1 jente. I referat frå møtet er spesielt nemnt



*Ungdomsstevne i Gudbrandsdal ungdomslag i Øyer 1953. Toget kjem like sør for Tingberg.
Huset til venstre er smia til Mikael Sørum.*

at styret i GU hadde hatt besøk av hirdmenn, deriblant Mytting, som den gongen meinte at dei skulle få makta over ungdommen og laga deira.

Den 3. nov. 1945, skipa Øyer UL til ein underhaldningskveld på Tingberg til inntekt for landsinnsamlinga til ofra for krigen. Her vart skodespelet "Fele-Jan" synt fram, og det var utlodding, musikk, tale og sketsj. Samla sum av inngangspengar og loddsal var til saman 13-1400 kr, og av dette utgjorde loddsalet åleine om lag 500 kr.

I tida etter frigjeringsa var det stort behov for hjelp av ymse slag, og ungdomslaget var engasjerte på fleire områder. Som før nemnt deltok dei i landsinnsamlinga til ofra for krigen, og på møte den 15. desember 1945 vart det vald ei nemnd som skulle stå føre ei innsamling av sau og geit til Finnmark.

Dette fyrste året var det halde 8 vanlege

møte, 5 styremøte, 1 underhaldningskveld til inntekt åt "dei falnes etterlatne" og 1 medlemsfest med dans. Det var i alt 88 lagslemmar dette året, 34 jenter og 54 guter. Dette var i grove trekk litt av det Øyer Ungdomslag sysla med det fyrste året etter frigjeringsa.

Året 1946 starta med styremøte på Tingberg 21. januar. Der vart dei samde om at det ville være ein føremon om lagslemmane vart sette noko inn i lagsarbeid. Dei ville difor gå i gang med stutte foredrag på møta, 10-15 min, og diskusjon etterpå. Både innleidde talarar og eigne lagsmedlemmar skulle halde desse foredraga. Det vart elles gjort framlegg om å skipa til fest for dei eldre samstundes med ein foreldrefest. På denne måten kunne både eldre og foreldre få innsyn i korleis ungdomslaget arbeidde. Det vart òg skipa til ein fest for skuleborn med tanke på framtidige medlemmar.



Frå stemneplassen på Moshus-sletta – nå Enga.

Dette året vart det eit utstrakt samarbeide med dei andre ungdomslaga i bygda, der dei bad kvarandre til felles møte. Spesielt hadde ØUL ein del samarbeide med bondeungdomslaget. ØUL og ØBUL dreiv loddsal for blindesakslaget saman, og den 27. mars arrangerte dei blindesakskveld på Tingberg med vitjing av sjølvaste Anders Saus. Denne kvelden vart eit nytt Blindesakslag stifta i Øyer. Ein ny tradisjon vart sett i gang i og med Påskefesten på Tingberg 2. påskedag. Her var det foredrag, avis, song og musikk, bevertning og dans. Kvinnfolka hadde med mat, og karane betalte kr. 3.00 i inngang.

Også i 1946 fortsette innsamlinga til ofra for krigen. Den 7. april var det ski-tevling mellom ungdomslaga i Øyer, og inntekta av denne tevlinga gjekk til dette gode føremålet. Elles hadde Øyer UL utsendingar både på landsmøtet i Trondheim og Nordisk Ungdomsstemne på Stiklestad, og laget melde seg inn i "Dølaringen" dette året. Av

andre aktivitetar kan nemnas at det vart sett i gang ein studiering i samfunnslære, og at ungdomslaget sto føre servering av skuleborn 17. mai.

Det er nemnt i protokollen at det var dårleg framsmøte på mange av møta, men at det var "hugsame kveldar" for dei som var der. Interesse for lagsarbeid vart etterkvart meir og meir laber, noko mange meinte kom seg av at ungdommen hadde meir interesse for festing og dans, at dei var meir splitta enn før, og ikkje hadde trong til å gå på møte.

I 1947 var det fellesmøte med Losje Kolbein Sterke, elles ikkje så stor aktivitet. Det var påskefest, årsmøte i november og fest på Tingberg 2. juledag.

I 1948 kom forslaget om å slå saman Øyer Ungdomslag og Øyer Bondeungdomslag til eitt lag, noko som syner at båe laga sleit for å halde aktiviteten i gang.

Øyer UL held fram med innsamlingar. No vart det skipa til basar til inntekt for

Vanførelaget i bygda. Elles er laget inviter- te til hyggekveld hos UL Ottar Birting i Gausdal saman med Tretten Ungdomslag. Desse felles hyggekveldane med nabolaga var nok sers trivelege kveldar, der det var underhaldning av ymse slag, m.a. skode- spel, song og musikk, spørjetevlingar, avis, og sist men ikkje minst - leik og dans. Og sjølvsagt var det bevertning.

Like føre jul, nærare bestemt 16. desember 1948, var det fellesmøte med BU og dei to laga vart slegne saman. Det vart sendt inn- bydingsbrev til Øyer arbeiderungdomslag med følgjande ordlyd:

"På felles styremøte 16.d.m blev det be- stemt at Øyer bondeungdomslag skal ned- leggst inntil vidare og gå aktivt inn i Øyer ungdomslag, mot at styret blir supplert med 2 medlemmer. Det var ønskelig om også Øyer AUL ville følge Bondeungdomslagets eksempel. De vil få anledning til å gå inn i Ø.U.L. på same betingelser. Det er vår meining at dette er til beste for ungdommen i bygda, og vi vil derfor anbefale dette på det beste. Svar utbedes innan 24. des. 1948. Hvis intet svar kommer innen den fastsatte tid, reknes denne henvendelse som avvist.

Øyer 16.12. 1948

Styret for ØUL Styret for ØBUL"

Det går ikkje fram av protokollen at det kom noko svar frå arbeiderungdomslaget på dette framlegget.

Bak denne samanslåinga ligg ei lita histo- rie: Karen Skåden var leiar for Øyer ung- domslag og Erling Rugsveen for Øyer bon- deungdomslag. Mellom desse to leiarane oppstod det "søt musikk", og det endte med at ikkje berre dei vart "eitt kjød" men også laga dei leidde!

Frå 1949 var Øyer ungdomslag og Øyer bondeungdomslag eitt ungdomslag, og det året ser det ut til å ha vore god aktivitet i la- get. Framleis var hyggekveldane med Ottar Birting i Østre Gausdal og Tretten Ung- domslag sers populære.

Om vinteren var det skitur på Steinsetra med stor deltaking i dei ulike konkurrans- ane, og det var fellesmøte med Losje Kol- bein Sterke. Det var fleire dugnader for lagslemmane, m.a. oppussing og oppryd- ding på kyrkjegarden, skogplanting og be- søk på gamleheimen 1. juledag.

Laget hadde utflukt til Eriksrud på Tret- ten med skodespelet "Sjaluci", og tradisjo- nen tru vart festen 2. påskedag halden på Tingberg.

I ungdomslaget var det, som ein kan sjå av referata, lagt stor vekt på opplysning, underhaldning og sosialt samvær. I januar 1950 vitja songaren Gunnar Bergseng laget med Edvard Storm-programmet sitt, og det var sett i gang ein studiering i litteraturhis- torie. Elles hadde laget framleis fellesmøte med dei andre ungdomslaga i bygda, med dei frilynde nabolaga og med losjen. I 1950 hadde Øyer ungdomslag 59 betalande medlemmar.

I 1951 sytte Ungdomslaget for at det kom opp juletre på stasjonane både på Hun- der og i Øyer, i tillegg til treet ved Tingberg.

I 1955 hadde laget 31 medlemmar. Dette året teikna dei lutar i Samfunnshuset i Øyer for 1.000 kr. Det vart halde Per Sivle-kveld på Fossberg, og denne vinteren hadde laget ein songring på 6 medlemmar.

I åra som følgde var det ikkje dei store hendingane i laget, alt gjekk på det gamle. Protokollane for åra 1958-59 og 1960, er borte, men i 1961 melde laget seg inn i Kringkastingsringen, og det kosta 10 kr. å bli medlem der. På 2.-dagsfesten var det over 300 til stades.



Fana til Øyer ungdomslag var brukt fyrste gongen på ungdomsstemnet på Tretten – i 1958. Jenny Høgberg til venstre på bildet. Ho til høgre er ukjend.

I 1962 kjøpte ØUL 2 lutar á kr. 250 i A/L Dølaheimen, og dei hadde besøk av reise-skrivaren i Noregs ungdomslag, Knut Lauverud.

Det kom invitasjon frå UL Henrik Wergelands Minne på Fåberg til fellesfest, med diskusjon om temaet ”Bør kvinner ha yrkesopplæring?”

Det var 46 lagslemmar nå. 2 av desse var med i 17.mai-komiteen og det var 2 representantar på lagleiar kurs på Tretten. Økonomien var dårleg, så det var ikkje aktuelt å gi bidrag til folkehøgskule på Island. Studiearbeidet låg heilt nede nå, men det vart arbeid aktivt for å auke talet på medlemmar.

For å skape meir interessante møte, vart det vedteke at dei til kvart møte skulle invitere personar frå ulike yrkesgrupper til å

fortelja om yrket sitt. Etterpå kunne tilhørarane stille spørsmål. Dette synte seg fort å vera både populært og lærerikt. Laget selde i 1962 lyskastarane sine til Øyer Samfunnshus.

Nå blir det tyngre og tyngre å drive lagsarbeid. Økonomien er elendig, og møta går i underskott. Det blir vedteke å ta inngangspengar, kr. 1. for medlemmar, kr. 2 for ikkje-medlemmar. 2 møter blir avlyste, eitt fordi ingen frå styret møtte fram, det andre fordi det kom så få medlemmar. ØUL fekk førespurnad om å arrangere sommarstemne, men måtte seie nei da dei ikkje hadde nokon lagleg stemneplass.

Det heng framleis så vidt liv i laget i 1963. Det kjem forespørsel frå Mikrobiologisk Laboratorium om å få kontakt med blodgjevarar. Det blir i den samanheng halde eit møte saman med Sanitetsforeininga, og ein doktor er til stades og gjer rede for saka.

Medlemstalet er no 38, men problemet er det same som i –62: Verken styret eller medlemmane kjem på møta.

Det siste referatet er frå møtet på Haugen 29/11, men det står ingen ting her om at laget skal leggest ned.

TANKESTREKEN

var namnet på lagsavisa. Det fyrste nummeret som fins på Opplandsarkivet er frå 15.des. 1923. Vi har sett at avisa var eit viktig innslag på alle medlemsmøta. Det var ein avisansvarleg for kvart nummer, men alle vart oppfordra til å sende inn stoff. Her kan vi lesa både skjemt og alvor, og medlemmane har lagt ned mykje arbeid - og kanskje prestisje - i å få avisa til å bli eit godt produkt. Kvart nummer består av fleire handskrivne sider med fine artiklar, dikt, vitsar og sketsjar – som sagt - både skjemt og alvor.

Dei som var formenn i åra 1945 til

1964:

1945	Kr. Sundby
1946	Albert Kolbustuen
1947	Karen Skåden
1948	Trygve Fossum
1949	Sigurd Ile
1950	Trygve Fossum
1951	Johan Rybakken
1952	Halvor Jutulstad
1953	- " -
1954	Paul Løken
1955	Jostein Solbakken
1956	Oluf Turtumøygard
1957	Jenny Høgberg
1958 - 1959 - 1960 ?	
1961	Johs Finborud
1962	Per Rusten
1963	Asgeir Moheim
1964	Steinar Manengen

Eit lite samandrag til slutt.

Både Øyer og Tretten ungdomslag hadde gjennom alle år ei rekke ulike arrangement for medlemmene sine, og dei arrangerte ulike offentlege festar og medlemsfest 2.-dag jul, basarar, teaterframsyningar og liknande, ofte til inntekt for eit eller anna godt føremål i bygda.

Når ein les referat frå 60-talet, ser ein at interessa for å gå på møte ikkje er så stor lenger, men medlemstalet held seg ganske stabilt. Det er gode på at grunnen rett og slett er at folk er medlemmar berre for å bli

bedne på - ja nettopp - 2.-dagsfesten. Opplegget for festen er det same i både bygder: foredrag, taler, song og dans. Og sjølvsagt mat, både ein og to gonger under festen. Det var kaffe og kaker, men det vart òg servert vafler og anna godt som det står skrivi.

Både laga arrangerte skiturar og skirenn på fjellet for medlemmane, og dette var både miljøskapande og populære tiltak med god oppslutning. Lagslemmane deltok òg i skistafett for alle ungdomslaga i dalen, og her gjorde dei ofte ein sers god innsats.

Ein kan sjå i protokollane frå denne tida at det var god kontakt med dei frilynde ungdomslaga i nabobygdene. Ved fleire høve var både øyveringane og tretlingane bedne til UL Ottar Birting i Gausdal, og desse vitja like ofte Øyer og Tretten.

Dei to ungdomslaga hadde og utsendingar til årsmøte både i Noregs ungdomslag, Gudbrandsdal ungdomslag og på ymse stemne rundt omkring.

Gamle medlemmar slutta og nye kom med, elles skjedde ikkje dei store endringane i laga. Dagsorden på møta var den same, og andre aktivitetar og arrangement var tradisjonar som stort sett heldt seg uendra heile tida.

Eg har freista å finne ut om dei to laga er nedlagde, men har ikkje greid å finne ut noko sikkert om det. Derfor vil eg tru, som eg skriv i bolken om Tretten ungdomslag, at laga ikkje er offisielt nedlagde, men er heller ikkje i aktivitet lenger.

I dag er tilboda til ungdommen mange, men det er likevel lov å håpe på ei ny tid for ungdomslaga, er det ikkje?

ARBEIDERUNGDOMSLAGA

Tretten arbeiderungdomslag

Arbeiderungdomslaget på Tretten ble stiftet lørdag 14. des. 1929 i Eriksrud. Hensikten med laget var: *"at det ikke måtte være bare dans og leik, men at de måtte også besjæftige sig med andre og større ting, så de blir fullt habile til at delta i samfundets sociale utvikling."*

Karl Kristiansen var formann første året, og styret for øvrig besto av sekretær Egil Hagen, kasserer Ragnhild Løken, agitasjonsleder Oskar Stenseng og styremedlemmene var Anna Hagen, Gudrun Toresen og Randine Elvheim. Kontingenten var kr. 1,00 pr. år. Selv om det stod i protokollen at det ikke skulle være bare dans og leik, hadde dette sin plass her også, som det har overalt hvor ungdom samles. *"--- Det ble slutt på møtet, hvorefter det ble en svingom. Møtet avsluttet med broderring."*

På medlemsmøtet 17.mars 1930 ble det vedtatt at navnet på laget skulle være Tretten Arbeiderungdomslag, og avisa skulle hete "Lysningen."

De to første årene av lagets historie var tilslutningen god, det var helt opp i 80 medlemmer.

Dessverre ble mye av lagets materiell ødelagt eller borte på andre måter under krigen, men til Fylkingens 50-års jubileum i 1950 var dets historie skrevet ned etter tidligere medlemmers hukommelse. Der kan vi bl.a. lese at: *"Laget arbeidet også godt helt fram til kriseårene 1932-33, da bonderegjeringen med arbeidsløshet og nød la seg som en skygge over landet."*

Den største merkesak som laget arbeidet med de første årene og fikk realisert, var å få opprettet en arbeidsskole for gutter i Tretten med kommunal støtte på kr.300,-. Skolen varte i 2 1/2 måned, fra 1. febr. 1932

til 9. april 1932. Det deltok 11 elever med Johs Galtrud som lærer".

På grunn av dårlig oppslutning om laget, fant det daværende styret ingen mulighet til å fortsette virksomheten. Laget ble nedlagt på møte 17. mars 1934, og det betyr at det var i drift vel 4 år i denne omgang.

Så kom krigen, og all møtevirksomhet og andre former for sammenkomster ble forbudt, men den 18. nov. 1945 var det nytt stiftelsesmøte i Eriksrud. Det står ikke hvor mange som var tilstede på dette møtet, men det ble valgt styre som besto av Karl Kristiansen - formann, Bjarne Elvestad - sekretær, Olav Pålsrud - kasserer, Leif Hovdsveen - agitasjonsleder og Hjørdis Blomberg og Doris Tjernsli ble styremedlemmer. Det ble også nedsatt et agitasjonskorps på 14 personer, og 15 ungdommer skrev seg som medlemmer.

Det første ordinære medlemsmøtet ble holdt en snau måned etter stiftelsen, og her møtte det opp 70 personer, og 15 nye meldte seg inn i laget. Det ble vedtatt at laget skulle melde seg inn i Fylkingen fra nyttår -46, og det ble bestemt at det skulle være lagsavis på hvert møte, med ny redaktør for hvert nummer, og at de andre medlemmene måtte bidra med stoff til avisa så godt de kunne.

En annen sak på møtet var tilbud om kjøp av Eriksrud for kr. 15.000 for lokalet og tomta. Denne saken skulle drøftes senere på et fellesmøte med Tretten Arbeiderlag og Tretten Skog- og Land. (Dessverre har jeg ikke klart å finne ut noe mer om dette.) Så var det utlodning, med ei kringle (sikkert hjemmebakt) som gevinst, det var kaffespleis og diktlesning. I likhet med de frilyn-

te ungdomslagene ble også møtene i AUL avslutta med dans, broderring og ”Gud signe vårt dyre fedreland”, og møtene ble alltid åpna med allsang.

I 1946 ble det arrangert flere studiekurs og konkurranser, og laget deltok på både arbeiderungdomsstevner og arbeiderstevner, og hadde utsendinger på årsmøter i Gudbrandsdal krets av AUF, Gudbrandsdal Arbeiderparti samt i Sør-Gudbrandsdal krets av AUF. I pinsa arrangerte Tretten Arbeiderlag årsmøte og stevne på Tretten, og TAUL hadde utsendinger her, og de var med i arrangementskomiteen. Ole Gonstad ble valgt inn som styremedlem i Sør-Gudbrandsdal krets av AUF.

Det ble vedtatt at laget skulle gå inn for at avisa ”Dagningen” skulle bli andelslag, og laget skulle kjøpe 2 andeler. Arbeiderungdomslagene i Sør-Gudbrandsdal gikk til innkjøp av lydfilmapparat, og TAUL kjøpte andeler i dette. Medlemmene betalte 2 kr. hver for ikke å belaste lagets kasse med denne utgiften.

Men det var nok ikke bare TAUL som hadde dårlig økonomi. De fikk brev fra Øvre Ålen AUL med bønn om bidrag til ungdomshus i Ålen, men denne forespørselen ble avslått. Derimot ble det gitt 5 kr. til Framfylkingens sommerleir i Danmark.

Selv om politikk var grunnpillaren i laget, var det å hygge seg og ha det moro sammen viktig. Derfor ble det arrangert fest i Eriksrud 2. juledag, og dette ble en tradisjon i årene framover. Laget hadde i 1964 45 medlemmer – 15 jenter og 30 gutter.

I 1947 ble lag og medlemmer oppfordret til å kjøpe vimpler og flagg, spesielt ble ungdommene oppfordret til å kjøpe AUF-vimpler til å ha på syklene sine om sommeren under mottoet: ”Rød ungdom under røde flagg”. Herredsstyret, som det het den gang-

en, fikk henstilling fra AUF om å opprette kommunal ungdomsnemnd for at de unge skulle kunne sette fram sine krav, for eksempel at bygda skulle få badstubad, ungdomslokale, idrettsplass og gode bibliotek med lesesaler. Nemnda burde, slik TAUL så det, bestå av 7 medlemmer som skulle være representanter for alle ungdomslagene i kommunen.

Som skrevet i omtalen av de frilynte ungdomslagene, ble det hvert år arrangert skistafett mellom alle ungdomslagene i dalen. I 1948 ble medlemmene i AUL oppfordret til å begynne å trene for å kunne delta i denne stafetten. Og dette ga resultater, laget ble nr. 2. En av deltagerne, Magne Reiten, kom på ski fra Follebu, i ens ærend for å delta i stafetten!

Norsk Folkehjelp hadde en landsomfattende kampanje om kjønns-sykdommer i 1948. De skulle skaffe både filmer og foredragsholdere, og dekke alle utgifter i forbindelse med et slikt møte. I forbindelse med denne kampanjen ble filmen ”Kärlekens offer” vist, men det ble ikke noe foredrag, da det var vanskelig å få noen til å holde dette.

Det årlige stevne for Sør-Gudbrandsdal krets av AUL ble holdt på Tretten i juni, og 2 medlemmer ble valgt til å stille til kommunevalget.

I likhet med de frilynte ungdomslagene, arrangerte også Tretten AUF skiturer for medlemmene sine, og de hadde fellesmøter med Øyer arbeiderungdomslag, Tretten Ungdomslag og DNTU Varsko.

Laget samarbeidet med Tretten arbeiderkvinnelag og Tretten arbeiderlag om å starte et sangkor. De debuterte i mai 1948, og hadde stor suksess, men gikk fort i oppløsning. Laget hadde også egen teatergruppe.

I 1948 ga Tretten AUL bidrag til en internasjonal barneleir i Framfylkingens regi, og

det ble holdt utlodning til inntekt for et fond som ble opprettet for denne leiren.

Kretsstyret opprettet stipend til medlemmer som søkte arbeiderhøgskolen eller lignende studiekurs. Hvert medlem betalte 5 øre pr. mnd. til stipendet. Laget hadde dårlig økonomi, og medlemmene hugget reisved en søndag, og jentene strikket votter til utlodning. Inntektene av disse aktivitetene ble ikke store, men gikk i sin helhet til laget.

Selv om laget sleit med dårlig økonomi, samarbeidet de med avholdungsungdomslaget VARSKO om å forbedre økonomien i Tretten Musikkforening. Det ble solgt lodder på en Prior radio, og det kom inn 1166,50 øre netto på denne utlodningen. Som avslutning ble det holdt lyktefest på Stavsplassen sammen med de andre ungdomslagene i kommunen. Overskudd på denne festen ble på 340.65. En pen sum til ei slunken kasse, og Musikkforeninga var meget takknemlig for bidraget.

For AUL var organisasjonsteknikk og lagsarbeide viktig, derfor var det satt i gang studiearbeide med disse temaene. Det ble holdt møte med Arbeiderlaget og Arbeiderkvinnelaget der valgkamp og kampen mot Industria var viktige saker.

Ole Gonstad ble valgt inn i herredsstyret, og laget hadde utsendinger til en rekke møter og stevner.

I 1949 arrangerte Tretten AUL årsmøte i Gudbrandsdal distriktslag, og en representant reiste til Ringebu på studiekurs som tok for seg skattespørsmål og partiets jordbrukspolitikk.

Det ble arbeidet for å skaffe laget egen fane, og alle medlemmene ble oppfordret til å komme med utkast.

Laget hadde utsendinger til distriktslagets årsmøte og AUFs landsmøte, og det ble bevilget kr. 20,- til reising av minnestein på russergrava på Tretten kirkegård.

Manntallslistene ble gjennomgått, 1. gangsvelgerne fikk utlevert valgmatrix, laget var aktivt med i valgkampen, og de deltok som vanlig i pokalkonkurransen på ski som var lagt til Tretten dette året.

Det ble arrangert minnekveld/festmøte for å minnes det første sosialdemokratiske ungdomslaget som ble stiftet 24. febr. 1900. Som alle andre år, ble det også i 1949 holdt en rekke kurs i regi av Arbeidernes Opplysningsfond.

I 1950 ble det arrangert stevne og fest i anledning av Gudbrandsdal distrikts 50-års jubileum og det ble gitt bidrag på 10 kr. til Spania-hjelpen. De 26 medlemmene var aktive i valgkampen med spredning av brosjyrer og lignende, og laget hadde utsendinger til en rekke møter og konferanser.

I 1951 var det utlodning på 2 møter til inntekt for Fylkingens eiendom på Utøya, som trengte istandsetting. Alle ble, i tillegg til å kjøpe lodd, oppfordret til å gi bidrag. Laget hadde lyrikkveld med Arne Paaske-Åsen program, og det var jentene i laget som sto for dette.

Det ble kjøpt 2 andeler i A/L Dagningen, og Røde Buss-revyen "Vi ruller videre" var på besøk, og denne var meget populær.

Tretten AUL ble offisielt nedlagt 2. november 1952, etter å ha ligget nede i 1 1/2 år.

Formenn etter krigen:

1945	Karl Kristiansen
1946	Ole Gonstad
1947	Leif Hovdsveen
1948	- " -
1949	Ola Brendløyken
1950	- " -
1951	Maurits Hagen

ANDRE UNGDOMSLAG

Øyer Arbeiderungdomslag.

Som vi har sett i omtalen av Øyer Ungdomslag og Tretten Arbeiderungdomslag, eksisterte det etter krigen et arbeiderungdomslag i Øyer også. Dessverre har det ikke lyktes meg å få tak i noen opplysninger om dette laget. Jeg har spurt en del folk som kunne tenkes å vite noe om saken, men det eneste jeg har fått ut av det, er et referat fra et møte i Sørbygda Arbeiderlag. Der står som følger: ” Sør-bygda Arbeiderlag hadde møte hos Ola Sagen 11/11 –45. Refererer til skriv fra Gudbrandsdal distriktslag av AUF angående å danne arbeiderungdomslag. Det ble ikke foretatt noe i saken.” Er det noen av dere lesere som vet noe om dette? Er det noen som har protokoller eller andre papirer liggende? Ta gjerne kontakt med meg hvis du vet noe, eller lever eventuelt materiell på Opplandsarkivet. Dette er historie, så det bør absolutt tas vare på.

Tretten Bygdeungdomslag.

Her har jeg akkurat det samme problemet: Jeg kan ikke finne noen opplysninger. Jeg tror jeg vet at laget eksisterte før krigen, da som Tretten Bondeungdomslag, og at det startet opp igjen etter krigen, da som Tretten Bygdeungdomslag, men var muligens ikke i virksomhet så lenge. Det ble så startet opp enda en gang rundt 1960, men heller ikke her har det lyktes meg å få tak i noe mer håndfast.

Men – er det noen som vet noe? Jeg bare spør – og håper på svar!

Øyer Bondeungdomslag.

Om dette laget har det heller ikke vært så enkelt å finne stoff. Det eneste jeg er ganske sikker på er at Øyer Bondeungdomslag gikk inn i Øyer ungdomslag i 1948, noe jeg leste meg til i protokollene fra Øyer Ungdomslag.

Øyer kristlige ungdomsforening.

Denne foreningen var virksom i denne perioden. Sigmund Ihle forteller om den i sin artikkel ”Kyrkja og kristenlivet” som stod i årsheftet for 1999. Jeg viser til denne.

Så spør jeg igjen: Vet dere noe som jeg ikke vet?

Til slutt

Som sagt har det ikke vært så lett å få tak i materiell fra enkelte av ungdomslagene i kommunen som vi vet har eksistert. Derimot er det mye stoff om de frilynte lagene og en del om Tretten Arbeiderungdomslag. Det jeg har skrevet, er bare litt skraping i overflata, men jeg håper det vekker til live gode minner for mange av dere, og at mange kanskje blir litt interesserte og vil vite mer. Som sagt: Det er ganske mye kilde materiell på Opplandsarkivet, og mitt håp er at det kanskje etter hvert kan dukke opp lagsmateriell fra de andre lagene også.

Industri-og foredlingsverksemder

I takt med overgangen frå naturalhushald til pengehushald i samfunnet, hadde det vokse fram nokre industri- og foredlingsverksemder også i vår kommune. Som dei fleste andre industri-føretak, vart slike verksemder lagt dit det var tilgang på råstoff. Jord- og skogbruk vart såleis råstoff-kjelder for slike verksemder her.

FOREDLING AV MJØLK

I eitt år – 1955 - var det ikkje mindre enn fire verksemder innafor meieribransjen i Øyer kommune. Direkte eller indirekte åtte produsentane alle desse verksemdene. Ysteria var organiserte i Gudbrandsdal Ysteriforening som hadde som føremål å ivareta fellesinteressene til ysteria i dalen med omsyn til organisasjon, økonomi og produksjon. Vidare var Gudbrandsdal Ysteriforening ein bindeled mellom medlemene og sentralorganisasjonane innanfor meieridrift, slike som Østlandets Melkesentral, Norske Meieriers Salgssentral og Landbrukets Sentralforbund.

Øyer Ysteri (sjå bilde s. 9)

Eigarar: Mjølkeprodusentane i Øyer sokn
Verksemda kom i gang alt i 1898 og heitte da Øyer Meieri. I 1912 vart det ombygd og fekk namnet Øyer dampsteri. I 1928 vart det ny ysteribygning i teglstein og namnet på verksemda vart nå Øyer ysteri.

Anlegget inneheldt utanom produksjonshall: fyr-rom, kjølerom, butikk, kontor, nokre hyblar for dei tilsette, kjøken og matrom. Først etter krigen vart det bygd frittstående styrarbustad og fryseri for utleige av fryseboksar, det som nå er Nordby snekkerverksted. Ysteriet dreiv også med kjøtt-hak-

king i same bygningen. Og det var hushaldning ved Ysteriet der dei som budde på Ysteriet og andre tilsette, hadde full kost.

Frå fyrst på 50-talet kom ensilering av poteter til grisefor i bruk, og Ysteriet vaska og dampkokte heile traktorlass med poteter. All oppvarming skjedde med damp, og dampkjelen vart fyra med ved og kol.

Kåre Bryhn var styrar frå 1936 til 1947 da Halvor Johnsgaard overtok. Han hadde denne stillinga så lenge Ysteriet var til. Det var i alt 13-14 fast tilsette ved Ysteriet, nokre fleire kvinner enn menn. Når det trongdest, vart ekstrahjelp innleigd.

Ysteriet åtte ein lastebil, men det meste av mjølketransporten var det lokale lastebileigarar som stod for. Dei leverandørane som budde nærast, køyrde mjølka si sjølve til Ysteriet. Det gjorde også dei som pga. dårleg vegsamband ikkje kunne få sendt den med mjølkebil.

Ysteriet vart nedlagt 31. desember 1955 da det vart samanslege med Tretten Ysteri.

Tretten Ysteri

Eigarar: Mjølkeprodusentane i Tretten sokn

Ysteriet kom i drift frå oktober 1902, og i 1929 vart eit nybygd anlegg teke i bruk. Under krigshandlingane i 1940 vart 2. høgda



Tretten Ysteri med styrarbustad og bensinstasjon.

noko skadd, likevel ikkje verre enn at drifta kunne halde fram frå juli månad same året. På same tid vart 3. høgda påbygd.

Også dette anlegget hadde dei same slags romma som i Øyer. Og utstyret var det same: pasteur, separaror, kvitostkjelar, myse-smør-panner, osterørarar, osteformer og kinner.

Ysteriet åtte også Stavheim sag og mølle nokre år, og det overtok Shell-stasjonen etter Tretten samvirkelag som hadde den til 1940.

Ysteriet hadde same styraren, Knut Tveitene, like frå 1905 til det gjekk saman med Øyer Ysteri. Det var i alt omlag 10 fast tilsette, og innleigd ekstrahjelp når det var mest å gjera.

Behovet for rasjonalisering og større einingar melde seg innafør landbrukssamvirket som andre stader, og frå 1.januar 1956 vart desse to ysteria samanslege til:

Øyer-Tretten Ysteri

Ei uavhengig nemnd utanfrå fekk i oppdrag å vurdere dei to anlegga og bestemme kva for eit som skulle leggjast ned og kva for eit som skulle brukast. Tretten vart vald fordi bygningsmassen der var best og fordi det var rommelegare tomt der.

Halvor Johnsgaard heldt fram som styrar for det samanslegne ysteriet, ei stilling han hadde til Ysteriet gjekk saman med Lillehammer Meieri. 3-4 andre tilsette frå Øyer fylgde med til Tretten slik at det samanslegne ysteriet fekk 13-14 fast tilsette. Ei klår gevinst var alt vunnen med fusjonen. Omlag på same tid, vart det bygd styrarbustad ved Ysteriet.

Ved samanslåinga vart det kjøpt vakuumkokar, og ein fekk heilautomatisk maskin for spannvask. Før vart mjølkespanna heimattsende uvaska.

Også dette ysteriet hadde eigen lastebil,

men også her var det lokale lastebileigarar som stod for det meste av mjølketransporten.

Her var det også potetkoking for ensilering både før og etter samanslåinga. Ysteriet dreiv også bensinstasjonen like ved. Som i Øyer skjedde all oppvarming med damp og brenselet her også var ved og kol.

Produksjon

Etter frigjeringa tok mjølkeproduksjonen seg oppatt etter å ha nådd eit lågmål under krigen. Betre foring og godt avlsarbeid gav ein auke langt over førkrigsnivået.

Brunost var viktigaste produksjonen ved ysteria i Øyer og Tretten som elles i Gudbrandsdalen. Frå omkring 1950 var det brunost av kvalitet G.35 som dominerte. G står for Gudbrandsdalsost og 35 står for feittinnhaldet av turrstoffet i osten.

Før 1950 hadde brunosten lågare feittinnhald, 28-33%. Sidan den inneheldt geitmjølk, var den kalla blanda geitost, forkorta til BG. Både BG.33 og G.35 skulle ha 1 kg geitmjølk pr. kg ferdig ost. Det var også produsert litt brunost utan geitmjølk, og den fekk nemninga F.33, der F står for fløytemysost.

Alt frå fyrst på 50-talet var det ein tendens til overproduksjon av mjølk, og brunostproduksjonen vart kvoteregulert i forhold til tilgangen på geitmjølk. Geitmjølka var i det heile ein minimumsfaktor ved brunostproduksjonen, og det var eit problem å skaffe nok av den.

Det vart kinna noko smør, men frå mai 1952 kom A/L Felleskjerningen i stand, og da vart overskottsfløyten levert dit. Skummamjølka som da vart tilovers, vart returnert til leverandørane som brukte den til smågris- og kalvefor.

I 1954 vart det turrmjølkefabrikk i Brummunddal, og skummamjølka vart da sendt dit. I 1963 kom ein slik fabrikk i stand på

Otta. Elles kunne leverandørar som hadde bruk for skummamjølk til dyrefor, framleis få kjøpt det.

Kaseinet, ostestoffet, vart levert på Kaseinfabrikken. Men ein mindre del av ostestoffet laga ysteria søtost av for sal på den lokale marknaden.

Oslo-området hadde behov for konsummjølk, og ysteria i Gudbrandsdalen sendte mjølk og fløyte dit. Elles vart det sjølvsagt selt mjølk og fløyte innafør bygda, også kulturmjølk.

Både Øyer Ysteri og Tretten ysteri hadde eigne utsal for produkta sine, og dei selde også osteslag som dei ikkje hadde produsert sjølve. Alt vart selt i laust mål like til først på 60-talet da ein gjekk over til ferdigtappa mjølk på flasker – i samarbeid med Lillehammer Meieri der det var tappeanlegg. Utsalet i Øyer var ope like til 1965, 9 år etter at ysteriet var nedlagt.

Per Iversen, (f. 1933) arbeidde heile sitt yrkesaktive liv innanfor meieribransjen. Han begynte på Tretten Ysteri, straks han var ferdig med folkeskulen, heldt fram etter samanslåinga til ysteriet gjekk saman med Lillehammer Meieri i 1975. Da begynte han på Ostefabrikken og var der til han vart pensjonist. Her fortel han om arbeidet på Ysteriet:

Arbeidet begynte ved halvsju-tida om morgonen da dei fyrste mjølkebilane kom. På mottaket vart mjølka vegen, og omlag ein gong i veka vart det teke feittprøve og kvalitetsprøve av ho. Både feittinnhald og kvalitet var med på å bestemme prisen. Det var fire kvalitetsklasser etter bakterieinnhald. I sommarvarmen med dårlege avkjølingar og lang transport, kunne det vera vanskeleg å få 1. klasse på mjølka. Frå fyrsten vart all mjølk pasteurisert, dvs. bråoppvarma til 85 grader for å øydeleggje alle bakteriar. Men ei tid ut i 50-åra var det berre kon-

sum-mjølka og fløyten til smør og konsum, som vart pasteurisert - ikkje den som gjekk til ysting.

Den mjølka som skulle bli brunost, vart nå separert. Skummamjølka gjekk så til kasein-kjelane der den vart oppvarma til 36-38 grader, tilset osteløype og vermt vidare under forsiktig omrøring til omlag 65 grader så råkaseinet vart utskild. Men når det skulle lagast støstost, tok vi ut ostestoffet ved 30 grader.

Mysa vart så tappa over i mysepannene, tilset fløyte og geitmjølk og kokt i fleire timar til mysesmør. Under innkokinga galdt det å passe godt på med røring, elles vart det svidd. Når mysesmøret var passe tjukt, vart det tømt over i oste-rørarane og rørt kaldt. Mysepannene og kaseinkjelane vart oppvarma med damp.

Så vart den ferdig-rørde osten pressa ned i osteformer til 4-kilos ostar, dagen etter teken ut att, sletta og pussa - alt saman gjort for hand. Det var mange vensjonar. Men litt ut i 50-åra fekk vi ei maskin som forma ostemassen til 1-kilos ostar utan noka pushing eller sletting, og det var ei stor lette.

Med vakumkokaren som kom like etter samanslåinga, kokte ein inn mysesmøret til eit konsentrat. Også her skjedde oppvarminga med damp. Men framleis måtte siste delen av innkokinga foregå i dei gamle mysepannene for etterinndamping og bruning, og røringa måtte framleis skje i dei gamle osterørarane.

Men alt året etter var eit nytt apparat på plass, som var kalla "gryte". Det var ein lukka behaldar som kunne koke både under vakum, vanleg trykk og overtrykk etter ønske, og var eit hendig reidskap for slutt-koking. Det hadde også røreverk med fart ettersom ein trongde det. Med vakumkokaren og "gryta" vart ystinga forenkla, og store innsparingar oppnådd. Siste arbeidet for dagen var golvvask og vask av alt utstyret.

Det var ikkje laurdagsfri enda, og når det var to helgedagar på rad, måtte vi også jobbe den eine. Men vi gjorde da ikkje meir enn det som måtte gjerast for at det ikkje skulle bli opphoping av mjølk.

Det var hushaldning på Ysteriet som vart driven for Ysteriet si rekning. Alle tilsette, både dei som budde der og andre, hadde kosten. Det var riktig gild kost og betalinga for den var svært rimeleg. Og mat trongdest, for arbeidsdagen kunne bli lang - like til fem - halvseks-tida om eftan.

A/L Felleskjerningen

Eigarar: Ysteria i Gudbrandsdalen

Som det alt har vore fortalt, var hovudproduktet, brunosten, kvoteregulert. Såleis hadde ysteria meir mjølk enn dei kunne yste av og levere til konsum. Mjølkeoverskottet vart separert, og fløyten vart til smør. Men det vart berre små mengder og ujamn produksjon og kvalitet ved kvart ysteri, og derfor dårleg lønsemnd. Fellesanlegg var løysinga. På den måten fekk ein meir rasjonell drift, jamnare og betre kvalitet på smøret og dermed betre lønsemnd.

Norske Meieriers Salgssentral starta prøvedrift med felleskjerning ved Fåvang Ysteri 20. mai 1952, og fem ysteri i dalen - av dei både Øyer og Tretten - leverte fløyte dit. Frå 1. jan. 1953 vart fire ysteri til med. Etter to års prøve-drift var resultatet så lovande at drifta heldt fram.

Frå 1.januar 1955 tok Gudbrandsdal Ysteriforening over drifta, og etter kvart vart alle tretten ysteria i dalen med. Meir plass trongdest, og så vart anlegget flytt til Norske Meieriers Salgssentral sitt nye lagerbygg ved kaseinfabrikken på Tretten. Såleis oppnådde ein rimelegare inntransport sidan dei same bilane i nokon mon, kunne ta med seg både fløyte og kasein.

9. februar same året vart den fyrste fløyten levert til anlegget på Tretten. Dette fyr-

ste året med full drift, tok Felleskjerningen i mot 951.795 kg fløyte. Det tilsvarar 8.540.530 kg mjølk med 3,9 % feitt. Av dette vart det produsert 338.500 kg smør og levert 140.492 kg suppleringsfløyte til Oslo. Og produksjonen var jamnt aukande. Salgsentralen omsette smøret, og saupen, kjerne mjølka, vart levert til husdyrbrukarar.

Felleskjerningen hadde på denne tida vanlege tønnekjer-ner. Da Øyer-Tretten Ysteri gjekk saman med Lillehammer Meieri i 1975, vart Felleskjerningen flytt dit.

Åge Szasinski var styrar like frå starten i 1952. Verksemda hadde 4 fast tilsette, og 3 av dei hadde meieriskule som utdanning. To andre vart innleigde når det var bruk for ekstrahjelp.

Norsk Kasein A/L


Eigarar: Fleire organisasjonar innan meieribruket

Kaseinfabrikken starta opp i 1911 under firmanavnet Gudbrandsdalens Caseinfabrik

og var eit privat føretak med det meste av aksjekapitalen på danske hender. Frå 1918 var alle aksjeene åtte av nordmenn. Frå 1936 var det organisasjonar innan det norske meieribruket som overtok. Det var Østlandets Melkesentral, Norske Meieriers Salgssentral, kvar med 2/5 av aksjeane og ysteria i distriktet med 1/5. Frå 1952 kom ysteria i Møre og Romsdal og Nord-Norge med sine mjølkkesentralar med i fellesskapet, og firmanamnet vart nå Norsk kasein A/L. Selskapet hadde avdelingar i Ålesund og på Finnsnes i Troms, men hovudavdelinga var på Tretten. Firmaet hadde dette namnet til 1975 da det vart Meierienes Ostefabrikk.

Råstoff, produksjon og produkt

Ostestoffet, kjuka, i ku- og geitmjølk er råstoffet for kaseinproduksjonen. Trass i at ostestoffet inneheld verdifullt protein, gjekk berre ein del av dette til menneskeføde som ulike kvite ostar. Det som ikkje vart men-



Norsk Kasein A/L. Bilde frå 1959.

neskemat, råkaseinet, gjekk til fabrikk der det gjennomgikk ein tørkeprosess, og produktet kallast da kasein.

Da råkaseinet kom til fabrikken, vart det voge og teke kvalitetsprøve av. Frå 1948 fekk ysteria betaling etter kvalitet. Farge, feittinnhald, utvasking, kornstorleik og tørrstoffinnhald låg til grunn for kvalitetsdøminga.

Råkaseinet vart så smuldra ved knusing, og så gjekk det knuste råkaseinet inn i ein tank med temperert vatn for å få vaska ut det som var att av myse, og for å få transportert det til maskinene der det vart tørka og pressa. Det ferdigtørka kaseinet gjekk så over i ein silo der det vart fylt i papirsekkar og selt slik. Frå 1952 hadde fabrikken i alt seks kaseintørker som vart oppvarma med damp. Frå same året gjekk ein over frå kol til olje som brensel.

Kasein blir såleis eit sideprodukt av brunost-produksjonen og gjekk til teknisk bruk, mest til kunsthorn, slik som knappar, kammar, strikkepinnar, linjalar, elektrisk materiell, ulike slags handtak og mye meir.

Frå starten i 1911 var kasein til teknisk bruk einaste produkt ved fabrikken. Slik heldt det seg like til 1942 da kaseinproduksjonen opphørte nokre få år, for alt ostestoff vart brukt til mat.

Etter krigen var mjølkeproduksjonen aukande, og da vart også kaseinproduksjonen større. Med unntak av leveranse til kunsthornfabrikken i Levanger, gjekk alt til eksport. Frå 1950 til 1965 vart det kvart år produsert mellom 1300 og 2000 tonn kasein. Kasein frå Tretten vart eksportert til i alt ti land. Storbritannia og Vest-Tyskland kjøpte mest. Det var Norske Meieriers Salgssentral som stod for salet.

Smelteost-produksjon

Som alt nemnt, gjekk alt ostestoff til ostproduksjon under krigen. Ved kaseinfabrikk

vart det laga smelteost. Råstoffet var da kasein som vart blanda med vellagra kvite ostar, helst nøkkelost. Og det vart tilset visse fosfat- eller citratsalter og varmebehandla. Etter krigen vart kasein kutta ut som råvare til smelteost, berre overskottet av kvitostproduksjonen ved ysteria vart brukt.

Etter kvart utgjorde smelteosten ein stor del av produksjonen ved fabrikken, og det vart utvikla fleire typar. I tidsrommet 1946 til 1965 vart det produsert frå 95 til 600 tonn smelteost. Frå 1957 vart ein del eksportert. Av ein samla ostproduksjon i åra 1957-65 på 4.295 tonn, gjekk over halvparten til eksport. I 1961 vart det eksportert ost til 10 ulike land.

I 1951 kom den første moderne smelteostmaskina til Tretten. Det var ei tysk maskin med to gryter.

Leif Myraker vart tilset som disponent ved Kaseinfabrikk i 1945 og hadde denne stillinga til han nådde pensjonsalder i 1980. Det var i alt 12-15 tilsette i denne tida. Utanom disponenten var det berre to andre som hadde meieriutdanning, leiaren på kvar av dei to avdelingane.

SAGBRUK

Skogen er ein viktig naturressurs i Øyer kommune som har 133.000 da produktiv skog. Frå gammalt var det mange sagbruk i kommunen, og så seint som omkring 1950 var det ikkje mindre enn 26 gardssager i Øyer og Tretten. Dei har truleg vore brukte av fleire enn eigaren, men var heller lite brukte i tida 1945-65 som det skal forteljust om her. I denne perioden var det fire sagbruk i Øyer og Tretten, to i kvart sokn, som var drivne som næring og som gav arbeid til fleire. Her skal det fyrst forteljust om det desse fire sagbruka hadde sams, og så litt om dei einskilde bruka.

Fyrst i perioden kjøpte tre av desse fire sagbruka tømmer av skogeigarar i Øyer og Tretten og nabokommunane, og dei tok også imot leigeskur som utgjorde ein nokså stor del av tømmermassen. Det var folk som hadde tømmer sjølve og som hadde bruk for byggjemateriale. Desse fire hadde alminnelig sagutstyr: kantbenk og klyvsag, og tre av dei hadde også høvleri. Frå 1952 var det berre to høvleri.

Produkta var høvla og uhøvla bord og plank. Bakhonen vart eit sideprodukt som for det meste vart levert på Mesna Kartonfabrikk i Lillehammer, og sagflisa vart brukt til strø i husdyrbruket.

Elles vart materiala selde som bygningsmaterial i distriktet, og tre av desse fire selde trelast til firma på Mørekanten som dreiv vidareforedling. I alle fall dei første åra vart trelasta frakta dit med jernbanen, seinare med lastebil.

Bruvoll Sag og Høvleri.

Eigarar: Ivar og Otto Bræin

Verksemda låg på Hunder, på nordsida av Sagåa mellom riksveg 50 (E-6) og jernbanelinja, på same tomte som det nå er bilopp-

hoggingsverkstad. Som eitt av dei første sagbruka i landet, hadde Bruvoll materialtørke med flisfyring. Bruket hadde også flishøvel for takflis, og skar også takspen. År om anna vart det skore 8-10.000 kbm tømmer, og sagbruket gav jamnt over arbeid til 12-15 mann.

Eigarane dreiv også byggjeverksemd, og broren Sverre starta snikkarverkstad som ei systemverksemd til sagbruket - til gjensidig nytte. Der vart det laga dører og glas, trop- per og enkle møblar som bord, stolar, kjøkenbenkar og skåp. Bruvoll Sag og Høvleri vart seld i 1965 til eit andelslag og nokre få år seinare flytt til heilt ny tomt på Rabben vest for Øyer stasjon da dette andelslaget kjøpte egedomen Strøm.

Øyer sag. Eigar: Jørgen Trosvik

Øyer Sag starta opp i 1953 og låg like sør for Øyer stasjon på vestsida av jernbanelinja. I 3-4 år frå starten var Knut Botterud medeigar. Det vart år om anna skore 3-5000 kbm. tømmer.

I vinterhalvåret var 8-10 mann sysselsette. Utanom sesongen hadde 4-5 mann arbeid. Sagbruket vart nedlagt omkring 1970.



Gamle Bruvoll Sag.

Botterud Sag & Høvleri.

Eigar: Knut Botterud

Det var faren, Ole Botterud, som begynte med sagbruk på Botterud i slutten av 1920-åra. Først i 1950-åra vart det flytt til Tretten - like nordafor jernbanestasjonen på nedsida av linja. Alt i alt vart det skore 4-5000 kbm. i året. Sagbruket hadde lastebil og gaffeltruck til å frakte material. 8-10 mann hadde arbeid på bruket om vinteren, og nokre færre om sommaren.



Øyer Sag.

Stavheim mølle, sag og høvleri
Eigarar: Karl A. Nysted 1915-51,
Tretten Ysteri 1951-57 Tretten
Innkjøpslag frå 1957

Stavheim mølle, sag og høvleri har ei lang historie, og ikkje heile den skal takast med her. Ingeniør Karl A. Nysted frå Horten kjøpte sagbruket og mølla i 1915. Sagbruket tok berre imot leigeskur. Han brukte desse verksemdene til han døydde i 1951. Øyer kommune kjøpte anlegget, men selde det nokså fort vidare til Tretten ysteri. Den nye eigaren la ned sagbruket, men mølla vart ombygd og modernisert. I 1957 overtok Tretten innkjøpslag Stavheim mølle av Øyer-Tretten ysteri.

MØLLEDRIFT

Frå 1945 og utover var det framleis korn- dyrking på alle gardar og kornet vart brukt på garden - det meste til dyrefor, ein mindre del til menneskeføde. Kornslaga var bygg, havre og kveite, noko blandkorn og litt rug. Rundt 1960 - da omlegginga i jordbruket hadde begynt - utgjorde bygget omlag 5/6 av kornarealet i kommunen og skurtryskarene var komne. Folk dyrka korn for sal, og møllene kjøpte. Det var to møller i kommunen i denne perioden.

Stavheim Sag og mølle
Eigarar: (sjå ovanfor)

Denne mølla tok berre mot korn for maling. To menn hadde arbeid der fast, og 2-3 andre vart innleigde da det var mest å gjera.

Nermo mølle

Eigar: Johannes Nermo

Det har vore mølledrift på Nermo frå gamalt, men i 1937 vart den mølla bygd

som var i bruk i denne perioden.

Mølla hadde tre steinkverner, korntørke og siktestol. I 1962 vart det bygd 4 korn-silo, og i 1964 kom det blandemaskin for kraftfor. Mølla hadde også havrevalse og renseri for såfrø. Det var kraftverk i mølla som forsynte både mølla, garden og hotellet med elektrisk kraft.

Dei fyrste åra etter krigen var mølla i drift frå haust til vår, men frå fyrst på 50-talet var det heilårsdrift. To menn hadde arbeid i mølla.



Gamle Nermo Mølle.

ANNAN INDUSTRI



Gudbrandsdal Steinindustri

Eigarar: Erling og Olav Aamot

Verksemnda som ligg like nord for Tretten stasjon, starta opp i 1940-43. Råstoffet, skifersteinen, kom og kjem framleis frå Killia på grensa mellom Gausdal og Øyer, men også frå andre stader.

Til å ta ut skiferen vart det brukt kompressor og sprengstoff, gravemaskin og schowel. Så vart den klove og sortert og

frakta med lastebilar ned til anlegget på Tretten der den vart skore opp til ulike føremål.

Frå fyrsten var produktet berre tilskoren takstein. Men etterkvart som konkurransen med andre tekkingsmaterial vart merkbar, gjekk ein over til andre produkt som tropp- og hageheller, peisar og golvbelegg der det trongdest sers slitesterke golv. Det var både tilskorne og utilskorne heller. Frå Tretten gjekk steinen med jernbanen, gjerne to vogner i månaden.

Produkta vart til å begynne med berre selt på den innanlandske marknaden, men frå omkring 1960 gjekk omlag 1/3 av produksjonen til eksport, og det var helst BeNeLux-landa som var mottakarar, men også andre land i Europa.

Verksemnda gav arbeid til 8-12 mann, omlag halvparten i skiferbrotet på Killia og halvparten på foredlingsanlegget på Tretten.

O. Skriver verktøyindustri

Eigar: Ove Skriver

Verksemnda ligg etter Sør-Trettenvegen og starta opp i 1963. Her blir det laga sprøytestøypeformer for plastartiklar og marknaden for slike produkt er heile Skandinavia og Europa elles. Verksemnda gav i starten arbeid til tre mann, eigaren medrekna. Først på 1980-talet vart verksemnda seld til dei tilsette og vidareført under firmanamnet **Skriverform**.

Kjelder: Gudbrandsdal Ysteriforening 50 år i 1980
Kasein og smelteost gjennom 75 år
Samtale med svært mange bygdafolk

Skytterbevegelsen i Øyer og Tretten (1945—1965)

Johannes Wasrud:

Historikk

Den 6. januar 1865 ble det på et møte i Bryhnsveen i Øyer stiftet et skytterlag for Øyer prestegjeld som fikk navnet Øier Skytterlag. Det tegnet seg i alt 34 medlemmer.

Her skal gjengis litt av loven som ble vedtatt:

Skytterlagets øiemed er at virke for ud-bredelse af vaapenbrug og muligens legem-søvelse. Som medlem af skytterlaget anta-ges enhver hæderlig mand, der har fyldt det 15de aar, dog kan det staa bestyrelsen frit for i særlige tilfælde at optage ogsaa yngre. Bestyrelsen kan optage som ikke stemmebe-rethige medlemmer saadanne som antages ikke at have evne til at betale aarsbidraget. Skytterlaget deles i to ligestillede roder eller afdelinger, og det skal staa enhver rode frit for at bestemme tid og sted for øvelserne.

De neste 38 år ble laget nedlagt og gjen-stiftet flere ganger, fjerde gang i 1903, og da bare for Tretten. I 1884 fikk det navnet Dølen Skytterlag og har beholdt det siden..

Etter vedtak i Stortinget i 1892 ble den frivillige skytterbevegelsen samlet i Det frivillige Skyttervesen, og skytterlagene i kommunen har siden vært tilsluttet denne organisasjonen, forkortet til DFS.

Fra starten hadde laget skytebane på Stavs-plassen. I 1887 ble det også anlagt en skyte-bane mellom Berg og Langsveen i Musdal ”for derboende medlemmer.” I 1892 ble banen flyttet fra Stavs-plassen til Fossums-hagen, og i 1903 til Wasrudmoen, der det også ble bygd skytterhus. Øyer fikk fra star-ten skytebane ved Brynssveen.

Dølen Skytterlag 1945-1965

Fram til 1940 hadde laget stabile banefor-hold, og aktiviteten var meget god. Laget arrangerte Samlagsstevne i 1911, 1923 og 1931. I 1940 fikk laget også tildelt Samlags-stevnet, men det ble det selvfølgelig ikke noe av. 7. april dette året ble det holdt ter-rengskyting på Pølen med 53 deltagere både fra Dølen og Øyer. Lite ante de at landet skulle være i krig to dager senere og bli okkupert. Medlemmer av laget ble brukt til vakt ved jernbanen og andre steder i bygda

fra 9. til 23. april – den dagen da tyskerne kom til Tretten. Under okkupasjonen var det - naturlig nok - ingen aktivitet.

Oppstart etter krigen

Interessen for å komme i gang igjen, var stor. Allerede 14. mai 1945 hadde laget sty-remøte der det ble vedtatt å sette i gang dug-nad for å få satt skytebanen i brukbar stand. Lenge gikk det ikke før første øvelse ble holdt. Forbausende mange geværer var i be-

De første 20 årene etter krigen hadde Dølen skytterlag følgende formenn:

1945:	Paul Moen
1946-47:	Ole Hjelmstad
1948:	Egil Olsen
1949:	Karsten Nordgård
1950-51:	Kåre Moe
1952-53:	Odvar Nustad
1954:	Rudolphe Pinnoy
1955-56:	Ivar Fonstad
1957-60:	Johannes Wasrud
1961-62:	Ole Hjelmstad
1963-64:	Bjarne Lognset
1965:	Torolf Fonstad

hold eller hadde kommet til rette. Laget fikk dessuten utlånt sju Krag-Jørgensen-rifler fra Hærens depot. Disse skulle gå til medlemmer som hadde mistet sine våpen under krigen. Noe krav om tilbakelevering av disse riflene kom ikke. I 1947 fikk laget ytterligere ti geværer som ble fordelt. Aldri har vel interessen og aktiviteten vært større enn i de første årene etter krigen.

Samlagsstevne – sommer og vinter

Som allerede nevnt, skulle laget arrangere Sommersamlagsstevnet i 1940. Etter henstilling fra Samlaget tok laget på seg arrangementet i 1946 – det første etter frigjøringen. Den gang var det ikke forhåndspåmelding av deltagerne. Lite ante arrangørene at deltageren skulle bli så stor. Med den banekapasiteten som var, skapte dette problemer. Den gang var det heller ikke tidsbegrensning på skytingen – deltagerne fikk bruke den tid de ønsket. Følgelig gikk avviklingen noe tregt. Resultatet var at en del oppmøtte skyttere ikke fikk skyte. Etter referatet var det 207 deltagere. Hvor mange som ikke fikk skyte, melder historien ingenting om. Stev-

net ble ellers omskrevet som vellykket, og det største som var avviklet i Samlagets historie. Hans Finsveen, Vingarheim, ble samlagsmester, mens lagskytingen ble vunnet av Dølen skytterlag. John Ødegård, Rudolphe Pinnoy og Ole Hjelmstad stilte for laget. Overskuddet av stevnet ble bokført med kr 350,-.

Sommersamlagsstevnet har vært det store målet for mange av våre skyttere. Hele tiden har vi vært godt representert. Toppen nådde vi i 1956, da vi stilte med 21 mann. Mange gode resultater er oppnådd, og det er ikke så få gavepremier skytterne har tatt med seg hjem. Også medaljer har det blitt.

Av andre større stevner som laget har arrangert, kan nevnes Vintersamlagsstevnet i feltskyting i 1958. Stevnet var lagt til Musdal med Optun som utgangspunkt. 130 deltok, og Bjørn Malme, Aasveen, ble samlagsmester.

Jubileumsstevne og andre lokale stevner

I 1965 passerte laget 100-års milepelen og markerte det med et jubileumsstevne i feltskyting. Skytingen var også denne gang lagt til Musdal, og deltagerne ble fraktet med bil til og fra Skytterhuset. Deltagelsen var stor, og Kristen Veslelia fra Lom ble vinner. I anledning 100-årsfeiringen hadde vi et ualmennelig flott premiebord å vise våre gjester.

Baneanlegget var ikke stort nok til noe større arrangement med tilfredsstillende avvikling. Vi hadde et større stevne på banen i denne perioden, men da begrenset vi deltageren til Sjørdalen. Ellers har vi to ganger i denne perioden arrangert Samlagsstevnet i Krag-miniatur-skyting innendørs.

Annen konkurranse-skyting

I denne 20-årsperioden var det ikke så stort tilbud av åpne stevner. Vi måtte holde oss på det lokale planet for å få konkurranse. I alle

disse årene har vi hatt mange konkurranser sammen med Øyer skytterlag og til dels Gausdal skytterlag.

På vinterstid var det som regel to terrengskytinger som Øyer var innbudt til. Disse gikk vanligvis i Musdal og i Hundbergslia. Øyer brukte ofte Steinssetra og Lissetra som felt-arenaer der vi var gjester. I tillegg til individuell konkurranse, var det innlagt lagkonkurranse der det ble kjempet om vandrepokaler. En vandrepokal måtte vinnes tre ganger for at en kunne få den til odel og eie. Disse skytingene var veldig populære. Av lagsprotokollen går det fram at i 1956 deltok 73 skyttere på Hundtjernet. Her var det også med noen heimevern-soldater.

I forbindelse med terrengskytingen på Hundtjernet ble det først på 50-tallet innstiftet en spesiell Hundbergslia-medalje. I statuttene heter det at denne medaljen skal deles ut til dårligste klasseførte skytter under stevnet. Medaljen kunne utdeles bare en gang til samme skytter, og den skulle bæres ved alle festlige anledninger innen laget. Det er flere skyttere i Dølen som kan smykke seg med denne utmerkelsen, men jeg kan ikke huske å ha sett at noen har båret den. Denne medaljen er senere gått ut av programmet.

På sommerstid har vi også hatt felles konkurranser med Øyer. Det har vært lagkonkurranse om vandrepokaler, slik som for feltskyting. Utfallet har blitt noenlunde fifty-fifty. I flere år har vi også hatt felles lagmesterskap på bane.

For å skape inspirasjon innen laget, har vi til stadighet hatt flere pokaler å kjempe om. Disse pokalene var gitt av eldre skyttere, av andre interesserte eller de var innkjøpt av laget. Treningen var stort sett lagt til søndag ettermiddag og ble som regel avsluttet med skyting om kaffe. Kaffeslaberaset ble holdt på Solheimskafeen, og den tapende part fikk betale kaffen

Siden Nationens landsskyting ble innført, har vi hvert år holdt denne konkurransen.

Dugleiksmerke

Skyting om dugleiksmerke organiseres av DFS - Det frivillige skyttervesen - som er en paraply-organisasjon for skytterlagene i landet. Det er spesielle poengkrav for de forskjellige valører av merker med stjerner og statuett ettersom hvor mange ganger en klarer kravet til gullmerket. Avviklingen er delt i soner, og Dølen stod for skytingen for lagene Østre Gausdal, Øyer og eget lag. For å gjøre det spennende, la vi inn en triangel-

Lagmestere i årene 1945-65

Lagmesterskapet markerer slutten av banesesongen sist i september eller først i oktober. I denne 20-års-perioden er følgende lagmestere blitt kåret:

1946:	Rudolphe Pinnoy
1947:	???
1948:	???
1949:	Sjur Rogne
1950:	Torger Nordgård d.y.
1951:	Olaf Myhren
1952:	Asgeir Fonstad
1953:	Rudolphe Pinoy
1954:	Ole Hjelmstad
1955:	Johannes Wasrud
1956:	Johannes Wasrud
1957:	Sjur Rogne
1958:	Odvar Nustad
1959:	Johannes Wasrud
1960:	Johannes Wasrud
1961:	Asgeir Rønning
1962:	Johannes Wasrud
1963:	Johannes Wasrud
1964:	Ole Hjelmstad
1965:	Johannes Wasrud



*Landsskytterstevnet i Kongsvinger 1954. Fra v. Asgeir Rønning, Ole Hjelmstad, Ivar Fonstad, Sjur Rogne, Johannes Wasrud, Odvar Nustad, Reidar Elgenes, Asgeir Fonstad.
(Karstein Nordgård og Rudolphe Pinnoy er ikke med på bildet)*

match der alle deltagerne på det beste tremannslaget, fikk premie.

Landsskytterstevnet

Siden 1949 har vi hvert år vært representert på Landsskytterstevnet. Tallet på deltagere har variert etter hvor i landet stevnet har vært holdt. Første gavepremien fikk Odvar Nustad med seg hjem fra Landsskytterstevnet i Bardufoss i 1951 med en hederlig 3.-plass i grunnlaget i klasse 2. Sjur Rogne oppnådde fin plassering i Trondheim i 1958 og på stevnet på Kongsberg i 1959 med gavepremie fra begge steder. Selv har jeg tatt med meg to gavepremier fra Kristiansand i 1962. Den ene fikk jeg på klasseskyting sammenlagt og den andre i en enkelt skyting. Det beste resultatet oppnådde jeg på stevnet i Oslo i 1964 der jeg vant en overlegen seier i klasseskytingen i klasse 3. Samtidig vant jeg også ståendeskytingen. Det vakte ikke så lite oppsikt at en ukjent 3.-

klassing lå som nr. 3 totalt etter at alle 4.-klassingene hadde skutt ferdig.

Fortsettelsen i grunnlag og omgang gikk ikke så bra. Liten rutine og ikke minst nerver gjorde at jeg skaut under pari, så håpet om medalje på Landsskytterstevnet gikk dukken. Men jeg fikk da med meg en stor, fin sølvpokal og en noe mindre. Andre har også oppnådd gode resultater, og mange av oss har fått med seg beger for feltskyting, felthurtigskyting og stangskyting. Størst antall deltagere hadde vi på Landsskytterstevnet i Kongsvinger i 1954 der vi stilte med ti mann.

Rekruttering

Rundt 1950 var skyting sett på som en sport for vel voksne mannfolk. Noe konkurranse-tilbud for yngre skyttere fantes ikke. Laget kom tidlig i gang med instruksjons-skyting på banen og med innendørs-skyting om vinteren - først i Eriksrud og deretter på Tret-

ten Samfunnshus der vi fikk egen bane i kjelleren. Dette gjorde sitt til at vi fikk mange aktive skyttere.

Medlemstallet har i hele perioden ligget på ca 150, og tallet på skudd har ligget på ca 20.000 totalt for laget.

Nytt skytterhus

Mye dugnadsarbeid ble utført i 1950-årene. Foruten vanlig vedlikehold ble standplassen hevet og overbygd, og det ble bygd vei til banen. I 1956 kjøpte laget ei brakke på Nordseter. Den skulle settes opp igjen til erstatning for det gamle huset. Ny tomt ble klargjort, grunnmur støpt, og det gamle huset ble revet. Reisningen ble bortsatt til Ivar Fonstad, mens det øvrige arbeidet som maling, innredning etc. ble utført på dugnad. Somme tider møtte det opp så mange at det var vanskelig å finne arbeid til alle. Huset på ca 100 kvm inneholdt kjøkken, møterom/kafferom, festsal og et lite kontor. Høsten 1958 stod huset ferdig og ble innviet

med stor fest. Senere har huset vært til stor glede for laget. Utenom trening og konkurranser har huset vært brukt til møter og til lagets tradisjonelle høstfest for medlemmene. Odvar Nustad var sjef for husbyggingen, godt assistert av Sigurd Skyberg.

Ny fane og hundreårs-jubileum

Gudbrand Solheim hadde hele sitt voksne liv vært ivrig skytter og lagt ned et stort arbeid for skyttersaken i Dølen. Hans etterlatte familie ønsket å gi laget en minnegave i form av ny lags-fane. Denne flotte gaven med motiv fra den gamle fanen, ble overrakt ved en festlig tilstelning på Øygarden Pensjonat 12. mai 1957. Her var foruten familien Solheim, også eldre lagsmedlemmer innbudt.

Som alt nevnt, ble lagets 100-års-jubileum i 1965 markert med feltstevne og en vellykket medlemsfest i Skytterhuset. Det var 80 deltagere og Hans Hagen holdt fest-talen.



Fra festen på Skytterhuset ved 100-årsjubileet i 1965.

Inntekter

Heimevernet har i alle år brukt baneanlegget og vært en god støttespiller for laget. Siden det ble innført skyteprøve for storviltjakt i 1961, har laget stått for avviklingen av disse skyteprøvene. Laget har hatt noe inntekt av å leie ut banen til disse aktivitetene.

Et skytterlag er ikke et foretak som gir store inntekter. For å holde hjulene i gang, har vi vært nødt til å skaffe driftsmidler ved en årlig fest på Offigstadhaugen og en åpen høstfest på Eriksrud. Noen overflod har det

ikke vært, men jeg vil likevel betegne økonomien i laget som ganske god.

Æresmedlemmer

Det er mange som burde ha vært nevnt for sin innsats, men jeg nøyer meg med å nevne de som har vært utnevnt til æresmedlemmer i laget for sitt mangeårige og trofaste virke: Johan Kummen, Bødvar Sprækkenhus, Torger Nordgård, Gudbrand Solheim, Johannes Sletten og Sigurd Skyberg. Etter 1965 er også Ole Hjelmsstad, Johannes Wasrud og Asgeir Rønning utnevnt.

Lars Holmen:

Øyer Skytterlag

Som det går fram av historikken for Dølen skytterlag, har de to skytterlagene i kommunen felles forhistorie. Fram til rundt 1890 var det bare ett skytterlag i kommunen med medlemmer fra begge sogn, og det het Øier skytterlag. Men noen opplysninger i protokollen for Dølen, tyder på at medlemmene fra Øyer har trekt seg ut fra dette tidspunktet. Og det ser ut til at det fra samme tid har vært stiftet skytterlag bare for Øyer sokn:

- i tidsrommet 1889-1898 består styret i Dølen skytterlag av folk bare fra Tretten.
- i 1892 fikk komiteen for flytting av skytterhuset på Tretten, fullmakt til å selge skytterhuset i Øyer. Da kan det neppe ha vært noen aktivitet der.
- i 1893 står det at laget nå består av bare en krets, Tretten. (Så langt Dølen)
- 1910 (fra Øyer sk.lags protokoll.) fikk nåværende Øyer Skytterlag overta ei bankbok med innstående beløp på kr 17,97 fra (sitat) - *forhenværende Øier Skytterlag. Samtidig overtar vi den i 1902, av Øier daværende Skytterlag til Gudbrandsdalens Skyttersamlag danne-*

de gjeld kr. 13,20. Tretten kroner og tyve øre hvorfor kvitteres” Dette ”forhenværende Øier skytterlag” har trolig vært stiftet i 1890-årene.

Dette siste punktet må forstås slik at dagens Øyer Skytterlag har vært etablert på nytt etter 1902, men protokollen mangler fram til 1910.

Virksomheten i de to lagene i kommunen ser også ut til å ha vært noenlunde likt, men Øyer har hatt noe lavere medlemstall enn Dølen. Øyer Skytterlag hadde fra før skytebane og skytterhus ved Brynssveen. Men nå er det skytebane med skytterhus i Brynsdalen. Laget hadde i tidsrommet 1910-1940 20 -30 aktive skyttere.

De fem krigsårene skapte interesse for skyttersaken. Laget eksisterte formelt ikke under krigen, for slik virksomhet som skytterlagene drev, var selvsagt forbudt. Det var dødsstraff bare for å ha våpen. I protokollen står det en svært kort årsberetning for året 1940, datert 28.6. 1945, men ikke *ett ord* om de fem krigsårene. Men arket foran den-

ne beretningen er skåret ut! Hva kan være forklaringen på det? Mange av skytterlagsmedlemmene var aktive i Heimefronten.

Årene 1945 – 1965

22. juni 1945 var det styremøte, og 29. juni var det årsmøte på Ysterisalen. I referatet fra styremøtet den 18. des. samme året, står en interessant opplysning: (sitat) *Det besluttedes å inndra de geværer som skytterlaget fikk utlevert under krigen og som senere er oppbevart av skytterlagets medlemmer. Man ble enige om å få en ordning slik at skytterlaget får beholde disse geværer.* Dette må være geværer som laget har fått fra Heimefronten.

Fram til 1960 var det bare et fåtall av medlemmene som hadde egne våpen, laget eide de fleste. Men på den tiden fikk de overta noen våpen fra Samlaget som medlemmene fikk kjøpe.

Også i denne perioden ser det ut til at Øyer Skytterlag og Dølen Skytterlag har hatt et ganske tett samarbeid, og opplegget for virksomheten har fulgt noenlunde samme mønsteret.

Medlemstallet i denne perioden har for det meste ligget på mellom 25 og 55, men det er ikke alltid samsvar mellom medlemslistene og opplysningene i årsberetningene.

Fra 1945 til og med 1950 var kontingenten ei krone, fra 1951 til 1964 var den to kroner og fra 1965 var den kommet opp i 4 kroner. Dette var stort sett den inntekten laget hadde. Men det var 2-kronerulling til inntekt for laget i 1952, og samme året var det planer om basar, men det går ikke fram av årsberetningen at det ble noen slik.

Det har vært jevnt bra aktivitet i laget, men noen år rundt 1960 er det ikke ført medlemslister, og to-tre ganger i disse årene kan en lese negative ytringer i protokollen om aktiviteten i laget. Ja, på årsmøtet 27. feb. 1964 (sitat) ” – ble det fastslått at den

Disse var formenn for Øyer Skytterlag i denne perioden:

1945 – 46: Knut Lie
1949 – 53: Erling Bollviken
1947 – 48: Johs. Råbøl
1954 – 55: JohanRybakken
1956 – 57: Sverre Lyseng
1958 – 63: Erling Bollviken
1964 – 65: Johan Rybakken

hadde vært meget slett - især de to siste år” (1962-63)

Skytebaner

Som allerede nevnt, hadde Øyer skytterlag skytebane med skytterhus i Brynsdalen, men det går flere ganger fram av protokollen at kvaliteten på den er dårlig, men likevel brukbar.

Alt på årsmøtet 29. juni 1945 ble det oppnevnt en 4-mannskomite som skulle arbeide for ny skytebane for laget. Det var Ole Hageløkken, Johs. Nermo, Erling Bollviken og formannen i laget.

I 1949 ble det gjort avtale med Jan Rybakken og Paul Rusten om ny skytebane på deres eiendommer. Det gikk tre år – til 1952 - før banen var gjort såpass istand at den kunne tas i bruk. Det var enda mye som manglet, og utvidelse og utbedring pågikk i flere år. En del av arbeidet ble utført som dugnadsarbeid, og medlemmene hadde plikt til å delta i dugnaden.

Likeså ble det arbeidd for skytterhus, men det ble ikke realisert før mange år senere. Denne banen var i bruk til 1978 da banen i Skarsmoen var ferdig.

Laget mottok i alt kr 2.450,- i statsbidrag, og det ble betalt ei årlig leie for banen på kr 50,-

Virksomheten i laget

Terrenngskyting. Laget har jevnt over arrangert eller deltatt i 2-3 terrenngskytinger for året. Øyer arrangerte sine terrenngskytinger på Lisetra eller på Steinsetra eller ved skytebana i Baklia. Ett år var Dølen skytterlag innbudt til Øyer og neste år – omvendt. I 1956 ble det gjort avtale mellom lagene om at disse felles skytekonkurransene i terrenng og på bane skulle være en fast ordning. Disse konkurransene hadde jevnt over god oppslutning og endte med noenlunde likt resultat for de to lagene.

Baneskyting. Også i baneskyting var det samarbeid med Dølen. Det var premieskyting med premie til beste 3-mannslag og i individuell konkurranse.

Men Øyer skytterlag hadde også en individuell pokalkonkurranse som måtte vinnes tre ganger for å få pokalen til odell og eie. Erling Bollviken har to ganger i denne perioden vunnet pokalen til odell og eie. Denne konkurransen var bare for medlemmer i eget lag.

To kvelder i veka hadde medlemmene regelmessige skyteøvelser på banen der de bare konkurrerte for moro skyld uten å notere noe annet enn antall avfyrte skudd.

Ellers har laget også hatt samarbeid med

Follebu skytterlag, og deltok flere år på 1950-tallet på Aulestadstevnet. Også med Fåberg skytterlag og Åssveen skytterlag i Vingrom har Øyer skytterlag av og til deltatt på stevner.

Av andre skytekonkurranser kan nevnes skyting til dugleiksmærke. I 1957 deltok 4 mann. 2 fikk gull, 1 sølv og 1 bronse. Jaktprøve og skyting om skytternåla har lagsmedlemmer vært med på noen ganger.

Samlagsstevne og Landsskytterstevne. I årene 1954, -55, -56, -57 og i -64 var 3 – 7 medlemmer med på sommer-samlagsstevnet, og de to siste av de nevnte årene, også på vinter-samlagsstevnet. Men bare to ganger i denne perioden har medlemmer fra Øyer skytterlag deltatt på Landsskytterstevnet. Det var i 1957 og i -64. Da deltok det med h.h.v. 3 og 4 mann. Roar Ødegård og Johan Rybakken oppnådde premie på det siste.

Ellers har laget drevet med øvelses-skyting innendørs med salonggevær. Kjelleren på Samfunnshuset var møtested.

Hvert år ble avsluttet med fest der det var premieutdeling. Det ble alltid kåret en lagmester, men det går ikke fram av protokollen hvem det var i denne perioden. Det kom først senere



Skyteøvelse på banen i Baklia. Fra v. Amund Steinsli, Johan Rybakken og Roar Ødegård.

Historielaget har nå desse bøkene og hefta å selja:

"I gamle fotefar"		Kyrkjebøker for Øyer og Tretten	
1988:	kr 40,-	Bok nr 1-2 (1671-1784)	
1989:	" 40,-	kr 150,- båt sokna	
1990:	utselt	" " 3 (1785-1823)	" 300,- " "
1991:	" 75,-	" " 4 (1824-1841)	" 300,- " "
1992:	" 75,-	" " 5 (1842-1857)	" 300,- " "
1993:	" 75,-	" " 6 (1858-1874)	" 240,- " "
1994:	" 90,-	" " 7 (1875-1877)	" 70,- " "
1995:	" 90,-	" " 8 (1878-1893)	" 120,- Øyer sokn
1996:	" 100,-	" " 9 (1878-1893)	" uts. Tretten sokn
1997:	" 100,-	I alt kr 1.480,-	
1998:	" 100,-	Tilbod for bok 1-8 kr. 1.160,-	
1999:	" 100,-	(22% rabatt)	
2000:	" 100,-		
2001:	" 100,-		

Tilbod for 1988-2000
(minus 1990) 12 hefter
kr. 660,- (2/3 pris)

"Og ingen kom att" Kr 120,-. Ill. av Arve Hagen og Ola T. Rybakken.
(Om nedlagte heimer i Øyer og Tretten).

Odd Bjerke: **"Tretten – afstigning på høire Side"** Kr 120,- (Om jernbaneopninga i 1894).

Tor Ile: **Bygdasong for Øyer** Kr 60,-. Ill. av Ola T. Rybakken.

Ola T. Rybakken: **"Ord frå bygdemålet i Øyer og Tretten"** Kr. 240,-.

Desse bøkene og hefta får du kjøpt her:

COOP-marked Øyer

COOP-marked, Tretten

KIWI, Øyer

KIWI, Tretten

Aktivitetssenteret, Tretten

Hos Lars Holmen, Prestegardsvegen 7, 2636 Øyer, tlf. 612 78 329

Han kan også sende. Da kjem porto i tillegg.

Det nyaste "I gamle fotefar" og "Ord frå bygdemålet" får du også kjøpt i bokhandlane i Lillehammer.

